

# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Sentraladministrasjonen

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår ref.  
16/4906-FE - 030/SYSY

Dykkar ref.

Dato:  
30.06.2016

### Melding om vedtak


Ørskog kommunestyre gjorde i møte 29.06.16 følgjande vedtak:

#### **KS- 72/16 Vedtak:**

1. Ørskog kommunestyre er samd i at vi bør ha større og meir robuste kommunar i Norge, og ønskjer difor at Ørskog blir ein del av ein større kommune i framtida.
2. Ørskog kommunestyre meiner at innbyggjarane i Ørskog er best tjente med ein stor landkommune mellom Ålesund og Molde. Kommunestyret vil då peike på Norddal, Stordal, Skodje, Haram og Vestnes som aktuelle for ein slik kommune. Vi vil då få ein robust kommune på ca. 25 000 innbyggjarar som til tross for relativt stor geografisk utstrekning vil kunne ha desentraliserte og gode tenester der det er behov for dette.
3. Ørskog kommunestyre meiner ein landkommune vil ha ein del andre utfordringar enn byane rundt oss, til dømes når det gjeld samferdsel der det lett kan bli bybane og bypakkar mot rassikring og bruer. Ein slik landkommune vil også kunne vere med på å skape ein viss «konkurrans» om å tiltrekke seg innbyggjarar og næringsliv, og derved skjerpe politikarar og administrasjonen heile tida. Ein landkommune på denne storleiken vil også vere stor nok til å delta aktivt i arbeidet med framleis å skape ein slagkraftig region på Sunnmøre/Romsdal saman med byane våre, Ålesund og Molde.
4. Dersom dette alternativet smuldrar bort, blir for lite, eller blir lagt bort etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, bør noverande Ørskog Kommune bli ein del av regionkommune samman med mellom anna Ålesund og Skodje.

Med helsing

Synnøve Vasstrand Synnes  
Rådmann



# Ørskog kommune

- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: FE - 030  
Saksmappe: 14/780  
Saksbehandlar: Acos.Websak.Mellomlag.S  
ak  
Dato: 02.06.2016

## Val av kommunesamanslåingsalternativ for Ørskog kommune

Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
59/16	Formannskapet	09.06.2016
64/16	Kommunestyret	16.06.2016

### Samandrag:

Stortinget gjorde i juni 2014 vedtak om at det skal gjennomførast ei kommunereform i Norge. Målsetjingane for kommunereforma er:

- Gode og likeverdige tenester til innbygarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gi fleire oppgåver til større kommunar

Kommunane fekk i oppdrag å gjennomføre lokale prosessar med tanke på eit vedtak innan 1. juli 2016 om korleis ein meiner den nye kommunestrukturen skal sjå ut.

Prosessen har vore inndelt i tre fasar:

**Fase 1:** Hausten 2014. Oppstartsfase med vedtak om lokal framdriftsplan Ørskog kommunestyre vedtok lokal framdriftsplan i sak 116/14.

**Fase 2:** Våren 2015. Utgreiingsfase. Ørskog kommune har delteke i utgreiing av to reformprosjekt; Regionkommune Sunnmøre og Ny landkommune. Utgreiingsrapportar vart lagt fram for kommunestyret i møte 24.09.15, sak 70/15. I same møtet vart det gjort vedtak om oppnemning av forhandlingsutval. Sak om status for Ørskog kommune i forhold til målsetjingane med kommunereforma vart lagt fram for kommunestyret i møte 26.03.15, sak 19/15.

**Fase 3:** Hausten 2015 og våren 2016. Avgjerdsfase med sonderingar, forhandlingar om intensjonsavtalar og innbygarhøyring, før endeleg avgjerd i kommunestyret i juni 2016. Ørskog kommunestyre gjorde vedtak om retningsval i sak 08/16. Underteikna intensjonsavtalar vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.04.16, sak 36/16.

Ørskog kommune har gjennomført ein lokal prosess, og tek sikte på å handsame ei politisk sak i kommunestyret i juni 2016, slik Stortinget har bede om.

Saka gjeld endeleg avgjerd om ønska kommunesamanslåingsalternativ for Ørskog kommune.

Siktemålet er at Stortinget skal behandle forslag til ny kommunestruktur og evt. nye oppgåver i juni 2017, basert på ei innstilling frå fylkesmennene.

Saksdokument:

Ny landkommune - Vedlegg til intensjonsavtalen

Kommunereforma fram til 1. okt. 2016

Ny landkommune - Notat økonomi

Reginkommunen Ålesund - Signert intensjonsavtale

Ny landkommune - signert intensjonsavtale

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - referat frå siste forhandlingsmøte

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Møtereferat frå forhandlingane 8. mars 2016

Ny landkommune - Nytt utkast til intensjonsavtale basert på 3. forhandlingsmøte

Livestreaming av felles informasjonsmøte for kommunereformprosjektet - Regionkommune Sunnmøre

Ny landkommune/Storfjord kommune - Referat frå 3. forhandlingsmøte i kommunereforma

Vidare framdrift i kommunereformprosjektet "Ny landkommune"

Pressemelding frå Vestnes kommune vedkomande landkommune Sunnmøre

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Utmelding frå Haram kommune

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Referat etter 2. forhandlingsmøte

Ny landkommune - Møtereferat frå 1. forhandlingsmøte 9. februar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå 1. forhandlingsmøte

Ny landkommune - Referat frå siste møte i Sonderingsgruppa

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå siste møte i Sondersgruppa

Melding om vedtak - Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Vestnes kommune - KSTsak 6/2016

Formidling av vedtak om retningsval i Skodje kommune i samband med kommunereform

Referat frå Sonderingsgruppa 22. januar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat frå møte i Sonderingsgruppa 12. januar 2016

Ny landkommune - Referat frå møte i sonderingsgruppa 15. januar 2016

Ny landkommune - Møtereferat frå møte i Sonderingsgruppa 5. januar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat 2. møte i Sonderingsgruppa 7. januar 2016

Ny landkommune - Referat frå Sonderingsgruppa 16. desember 2015

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå Sonderingsgruppa 15. desember 2015

Innstilling frå Skodje formannskap ang. retningsval

Innstilling om retningsval for Skodje kommune

Endelig leveranse - landkommune Sunnmøre.

Ny landkommune - Møtereferat frå restartsmøte 24.11.15

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat 2. møte i Sonderingsgruppa

Kommunereforma - Kontaktpersonsamling 29.01.16.

Signert kontrakt

Kontrakt om Open Space-arbeid

Kommunereforma - forhandlingsfasen - Vestnes kommune sin strategi - melding om vedtak i Vestnes kommunestyre sak 90 2015

Vidare arbeid med kommunereforma.

Melding om vedtak KS-sak 70/15: Kommunereforma - status for Ørskog kommune pr. september 2015. Oppnemning av forhandlingsutval

Kommunereforma med fokus på ungdom.

Sunnmøre Regionråd IKS - Informasjon om innbyggerundersøking (Spørreskjema)

Kommunereforma - val av retning for det vidare arbeidet i Ålesund

Kommunereformprosjektet Ny landkommune - sluttrapport 7.9.2015. Sunnmøre Regionråd IKS.

Sluttrapport Regionkommune Sunnmøre

Sluttrapport Regionkommune Sunnmøre

KOMMUNEREFORMA - Nyhende nr. 2 og undervegsrapport pr. 1. juli 2015

Undervegsrapportering pr. 1. juli 2015 - Kommunereforma i Møre og Romsdal.

Pensjonistforbundet - kommunereforma, anmodning om deltakelse.

Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen.

Oppsummering frå dialogmøte 23.04.15

Ny landkommune - innkalling til oppstartsmøte for deltakarane i arbeidsgruppene

Regionkommune Sunnmøre - SWOT-analyse - frist 24.04.15

Oppsummering frå dialogmøte 19.03.15

Kommunereforma - Møtereferat 26.02.2015

Referat frå møte i styringsgruppen for "Regionkommune Sunnmøre" 16.03.15

Presentasjon i møte 27.02.15 - "Regionkommune Ålesund"

Notat frå møte 27.02.15 - Regionkommune Ålesund

Kommunereformarbeid i Sandøy kommune - oppstart og framdrift.

Kommunereform. Melding om vedtak i Haram kommunestyre

Kommunereform - presentasjonane på Gomerhuset 24.02.15

Kommunebilde Ørskog

Faktaark Ørskog

Utfordringsnotat BDO, februar 2015

Saksprotokoll. Fylkesmøte i KS 05.02.15 under sak 15/3. Kommune-/ regionreform.

Til samarbeidende kommunar i utgreiing om STOR-KOMMUNE ALTERNATIV PÅ NORDRE SUNNMØRE

Utgreiing om STOR-KOMMUNE ALTERNATIV PÅ NORDRE SUNNMØRE

Kommunereform - Felles utgreiingsprosess Nordre Sunnmøre

Kommunereforma - invitasjon til utgreiing

Dialogmøte i samband med kommunereformarbeidet

Gjeld kommunereformarbeidet: Referat frå møte i prosjektgruppa 10.02.15

Invitasjon til møte om kommunestruktur 24.02.15 - utgreiingsarbeid.

Tilbakemelding på prosessvedtak for kommunereforma.

Referat frå møte med representantar frå lag, organisasjonar og nærlingsliv vedr. kommunereformarbeidet 28.01.15

Presentasjon frå rådmann i Haram

Møtereferat frå møte om kommunereformen i Brattvåg 26.01.15 og presentasjon frå rådmann i Haram

Eg ser FYLKESMANNEN er klar til å endre kommunekartet.

Invitasjon møte kommunereform

Melding om vedtak KS-sak 094-14 Kommunereform - lokal prosess

Notat og presentasjoner fra dialogkonferansen om kommunereformen 12.12.14 i Ålesund

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal.

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal

Invitasjon til å delta i reformprosessen

Oppstartsamling for kommunereformen 17. september 2014

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS' medvirkning i lokale og regionale prosesser i en kommunereform

<b>Vedlegg; Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>DokID</b>
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Storfjord kommune - Signert intensjonsavtale datert 170316	114805
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Ny landkommune. Vedlegg til intensjonsavtalen.	116011
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	notat økonomi	115669
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Regionkommunen Ålesund - Signert intensjonsavtale datert 180316	114808
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal.	93296
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Statusrapport februar 2015	99395

Vedlegg; Dok.dato	Tittel	DokID
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Kommunereformprosjektet Ny landkommune - sluttrapport 7.9.2015	107086
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Samlet vurdering -endelig leveranse 050615	111671
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Lokaldemokrati - endelig leveranse 050615	111669
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Samfunnsutvikling - endelig leveranse 050615	111670
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Tjenester - endelig leveranse 050615	111672
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Økonomi - endelig leveranse 050615	111673
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	SWOT-analyse Landkommune	101987
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Regionkommune Sunnmøre, sluttrapport pr 21.08.15.pdf	106918
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	SWOT-analyse Regionkommunen	101988
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Innbyggerundersøkelse - Rapport Sunnmøre IKS 2015.pdf	110466
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Kommunikasjons- og informasjonsstrategi for perioden februar-juni 2016	112662
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Kommunereforma fram til 1. okt. 2016.	115797
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Status kommunereforma mars 2016	115798
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Moment til sjekklister for sakshandsaming til endeleg vedtak -1	115799

### Saksopplysningar:

#### Fakta om Ørskog kommune

Ørskog er ei lita kommune på Nordre Sunnmøre, med eit samla areal på 130 km<sup>2</sup>, og med grense til kommunane Stordal, Vestnes og Skodje. Innbyggjartalet pr. 01.01.16 var 2310. Folketalet har siste 10 åra hatt ein jamn vekst. Tabellen under syner folketalsutviklinga i perioden 2010-2014:

	2014	2012	2011	2010
Folketal pr. 31.12	2294	2202	2120	2138
Folketilvekst	53	65	82	-18
Fødde	21	27	20	19
Døde	25	18	13	28
Netto flytting	37	58	75	-9
Fødselsoverskot	-4	9	7	-9


Kommunen ligg sentralt mellom Ålesund og Molde, midt i ein bu - og arbeidsregion med om lag 120 000 innbyggjarar. Ørskog har dei siste åra hatt ei positiv befolkningsutvikling og er mellom dei kommunane i Møre og Romsdal som har størst vekst. Ørskog har i periodar motteke veksttilskot.

Med bakgrunn i den sentrale plasseringa som Ørskog har, er det viktig å utvikle kommunen som bustadkommune og leggje tilhøva til rette for næringsetablering. Framskriva folkemengd viser ein god befolkningsutvikling i åra framover, som medfører at kommunen vil stå framføre nye utfordringar. Ei slik utvikling gir også muligheter og krev handling for å kunne ha eit godt tenestetilbod til innbyggjarane frå «vogge til grav» innanfor ein berekraftig økonomi.

Kommunesenteret er Sjøholt. Størsteparten av innbyggjarane bur i Sjøholt krins, og det er også i sentrale delar av kommunen at ein opplever tilvekst i folketalet, jfr. figuren under:

### Folketalsutvikling i Ørskog kommune

-  Nedgang
-  Vekst



### Prosess:

Oppstartsvedtaket vart gjort av Ørskog kommunestyre i møte 16.12.14:

#### **KS-094/14 Vedtak:**

1. *Ørskog kommune vel å følgje tidsløp 2 med kommunestyrevedtak om eventuell kommunesamanslåing innan 01.07.16. Eventuell ny kommune er gjeldande frå 01.01.20.*
2. *Det vert nedsett ei prosjektgruppe av ordførar (leiar), varaordførar (nestleiar) og rådmann som får fullmakt til å utarbeide aktivitets- og milepælsplan som sikrar involvering og informasjon. Prosjektgruppa rapporterer til formannskapet i kvart møte fram til 01.07.16.*
3. *Formannskapet er styringsgruppe, og skal konsulterast ved behov.*
4. *Det skal setjast ned ei referansegruppe med 2 representantar frå UK, 2 frå andre politisk oppnemnde råd og utval, 2 frå tillitsvalde, 2 frå næringslivet og 2 frå lag og organisasjonar i Ørskog.*
5. *Kommunereforma skal vere tema i kommunestyret i kvart møte fram til 01.07.16.*
6. *Rådmannen er kontaktperson og gir melding til Fylkesmannen.*

Med bakgrunn i dette vedtaket laga arbeidsgruppa for kommunereform ein lokal framdriftsplan:

Med bakgrunn i dette vedtaket laga arbeidsgruppa for kommunereform ein lokal framdriftsplan:

Kommunereform	4Q14	1Q15	2Q15	3Q15	4Q15	1Q16	2Q16	2016-20
Open fase								
Kommunalt prosessvedtak								
Vurderingsfase								
Presentasjon av fakta og bakgrunnsinformasjon til bruk i møte med ulike grupper								
Dialogmøte / folkemøte og andre aktivitetar i samsvar med kommunikasjonsplan								
Utgreiing av status i eiga kommunerapport til kommunestyret 26.03								
Kva for alternative samanslåingar skal vi gå vidare med- effektar av alternativa								
01.07: Statusrapport til Fylkesmannen								
Oppløpsfase								
Intensjonsavtale med felles vedtak i aktuelle kommunar								
Dialogmøte og involvering i samsvar med kommunikasjonsplan								
Avgjerdsfase								
Kommunalt vedtak om ny struktur								
Dialogmøte og involvering i samsvar med kommunikasjonsplan								
Gjennomføringsfase								
Førebu ny kommune fra 01.01.20								

Det vart i tillegg utarbeidd ein plan for lokal involvering av innbyggjarar, lag/organisasjonar og næringsliv. Følgjande konkrete tiltak knytt til informasjons- og kommunikasjonsarbeidet vart peika på:

- Folkemøte/opne temamøte
- Næringslivsmøte med tema kommunereform
- Ungdomskonferanse i samarbeid med UK
- Seniorkonferanse i samarbeid med pensjonistlaget/ Eldrerådet
- Dialogarena retta mot frivillige lag og organisasjonar
- Eige temafane på kommunen si heimeside for informasjon ut til innbyggjarane mv.
- Nytte kommuna si Facebookside til informasjon
- Informasjonsskriv til alle husstandar
- Rådmannen sitt informasjonsskriv til tilsette



- Nytte etablerte arena til fortløpande informasjon kring kommunereformarbeidet: Leiarmøte, personalmøte, kontaktmøte med tillitsvalde, AMU, UK, andre råd og utval
- Innbyggerundersøking

Dei fleste av desse tiltaka vart gjennomførte, heilt eller delvis:

- Informasjon om status gitt i alle møte i formannskap og kommunestyret i perioden frå desember 2014 og fram til idag
- Opne folkemøte: mai 2014 (informasjonsmøte der ass. fylkesmann, Jørgen Amdam og ordførar orienterte), januar 2016 (open space-metodikk for å få flest mogleg i tale), mars 2016 (presentasjon av intensjonsavtale Storfjord kommune) og april 2016 (presentasjon av intensjonsavtale Regionkommune Ålesund, nytt inntektssystem, statistikk og analyse knytt til folketalsutvikling i Ørskog kommune)
- Dialogmøte mellom kommunestyret, administrasjon og tillitsvalde på samfunnshuset november 2014. Møtet stod på politisk møteplan, og var ope for publikum. Fylkesmannen sin prosjektleiar, Vigdis Vestad, deltok i møtet.
- Dialogmøte med lag og organisasjonar, samt representantar for næringslivet 28.01. 2015. Møtet var ope, og annonsert i Bygdebladet og på heimesida.
- 4 møte mellom prosjektgruppa (ordførar, varaordførar og rådmann) og oppnemnd referansegruppe, våren 2015. I desse møta vart det mellom anna gjennomført SWOT-analysar.
- Informasjon i ulike fora. Ordførar møtte mellom anna i Rotary og i Pensjonistlaget.
- Eiga oppdatert temafane på [www.orskog.kommune.no](http://www.orskog.kommune.no)
- Informasjon gitt på kommunen si Facebook-side
- Intern informasjon i kommuneorganisasjonen: einingsleiarmøte, personalmøte, månadlege kontaktmøte med HTV
- Innbyggerundersøking november 2014 og november 2015

Som eit ledd i utgreiingsarbeidet utarbeidde rådmannen ein statusrapport for Ørskog kommune, der kommunen vart vurdert i forhold til målsetjingane i kommunereformen, no og i framtida. Rapporten vart handsama i kommunestyret i møte 26.03.15:

#### **KS-19/15 Vedtak:**

*Ørskog kommunestyre tek rapporten til vitande.*

I løpet av første halvår 2015 var Ørskog kommune med på utgreiingsarbeid knytt til to alternativ til ny kommunestruktur, og som i neste omgang leia fram til underteikna intensjonsavtalar:

1. Storfjord kommune; saman med kommunane Norddal, Stordal og Skodje. Kommunane Haram og Vestnes var også med her i sonderingsfasen, og innleiingsvis i forhandlingsfasen, men desse er ikkje ein del av den endelege intensjonsavtalen
2. Regionkommune Ålesund; saman med kommunane Ålesund, Sula, Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Stordal, Sykkylven og Hareid. Kommunane Stranda og Ulstein var også ein del av utgreiingsarbeid og sonderingar knytt til dette alternativet, men er ikkje ein del av den endelege intensjonsavtalen.

Utgreiingsarbeidet vart organisert gjennom arbeidsgrupper der alle deltakande kommunar var representerte. Arbeidsgruppene fekk oppgåver som var knytte til måla med kommunereformen:

1. Tenesteproduksjon og utøving av mynde
2. Samfunnsutvikling
3. Lokaldemokrati
4. Kommuneøkonomi

Det er utarbeidd rapportar for begge reformalternativa, som gir ein beskrivelse av styrkar og svakheiter med dagens kommunestruktur, og muligheter og truslar med ein ny kommunestruktur.

For begge prosessalternativa har ein hatt lik organisering av arbeidet: ordførarane har vore styringsgruppe, alle deltakarkommunar har levert SWOT-analysar, som så er bearbeidde av arbeidsgrupper samansett av representantar frå alle kommunane. Sunnmøre regionråd har stilt med sekretær- og fasilitatorfunksjon.

Arbeidet er forankra i deltakarkommunane gjennom gruppearbeid på tvers av kommunane innfor

områda samfunnsutvikling, demokratisk arena, tenesteyting og utøving av mynde, samt økonomiske utfordringar for den nye kommunen. Rapportane inneheld mulige forhandlingspunkt som må diskuterast i samband med intensjonsavtalar på seinare tidspunkt.

For alternativet Ny landkommune/Storfjord kommune har ein i tillegg fått utarbeidd ein rapport frå Telemarksforskning. Eit samandrag av denne følgjer som vedlegg til denne saka.

Det vart utarbeidd framdriftsplan som skulle sikre at ein kom i mål med arbeidet innan dei fristar som Stortinget har sett.

Utgreiingsarbeidet vart presentert for kommunestyret i møte 24.09.15:

**KS-70/15 Vedtak:**

*Ørskog kommunestyre tek saka til orientering.*

*Ørskog kommunestyre vedtek at det skal oppnemnast eit forhandlingsutval med følgjande medlemmer: ordførar, varaordførar og rådmann.*

*Forhandlingsutvalet skal i første fase gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Ørskog kommune vert invitert.*

*Kommunestyret vil ta stilling til utvida mandat (mandat til forhandling av evt intensjonsavtale) når retningsval for Ørskog kommune er meir avklara.*

Sunnmøre regionråd gjennomførte hausten 2014 og hausten 2015 to innbyggerundersøkingar for alle kommunar på Sunnmøre. Begge desse undersøkingane synte at innbyggerane i Ørskog i utgangspunktet stilte seg positive til justering av kommunegrensene. Det vart først og fremst peika på nære nabokommunar som ønskelege samarbeidspartar. Funna i innbyggerundersøkinga er oppsummert i ein rapport som følgjer som vedlegg til denne saka.

Undersøkinga hausten 2015 vart referert til kommunestyret i møte 10.12.15 (**RS-47/15**).

Ved utgangen av 2015 var det etter framdriftsplanen slutt på utgreiingsfasen, og ein skulle over i en ny forhandlingsfase.

Kommunestyret handsama i møte 28.01.16 sak om retningsval for Ørskog kommune, og kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

**KS-08/16 Vedtak:**

1. Ørskog kommunestyre legg følgjande retningsval til grunn for vidare arbeid med kommunereforma:

a. Ørskog går i forhandlinger med nabokommunane Haram, Skodje, Vestnes, Norddal og Stordal med sikte på å avklare grunnlaget for ei robust landkommune på Nordre Sunnmøre. Forhandlingane skal bygge på grunnlagsarbeidet og rapport om ny landkommune datert 07.09.15. Ut frå at dette er eit retningsval, er Ørskog kommunestyre open for korreksjonar av framtidig kommunegrense i vidare forhandlingar.

b. Ørskog kommune går i forhandlingar med sikte på å etablere ei størst mulig regionkommune på Sunnmøre, der Ålesund er med.

c. Innbyggerane skal informerast om forhandlingsresultata og få høve til å seie si meining i god tid før kommunestyret tek forhandlingsresultatet opp til endeleg avgjerd i juni 2016.

2. Kommunestyret føreset at det vert gitt god informasjon til tilsette, innbyggerar, media og aktuelle samfunnsaktørar i prosessen.

Det vart vidare av prosjektgruppa utarbeidd ein kommunikasjons- og informasjonsstrategi for perioden fram til endeleg vedtak (juni 2016), som vart referert til formannskapet som styringsgruppe (**RS-05/16**):

*Overordna mål med strategien skulle vere å gi god faktainformasjon om kommunereforma til innbyggerane i Ørskog, slik at dei kan verte best mogleg i stand til å gjere seg opp ei meining om kva som er det rette retningsvalet for oss i framtida. Vidare å bidra til at flest mogleg engasjerer seg i debatten, slik at resultatet av prosessen blir best mogleg når saka skal opp til handsaming i politiske organ. Informasjonen skulle gå både på status for vår kommune og vår region i dag, målsetjingar med kommunereforma og på å teikne eit framtidsbilde.*

Målgrupper: I utgangspunktet alle innbyggjarar i kommunen.

Det blir viktig å spesifisere for kvar målgruppe kva vi vil oppnå hos dei: kunnskap, haldning, ønska effekt av tiltaket.

Konkrete kommunikasjonsiltak:

1

Målgruppe	Målgruppe-Kunnskap-Haldning-Ønska effekt	Ungdom 13-19 år
Tiltak	Konkret tiltak	Eige opplegg for ungdom i ungdomsskulen og i vidaregåande skule Vurdere eige arrangement for ungdom.
Dato/tid	Ideell timing	Mars/april 2016
Ansvarleg	Kven har ansvaret for at tiltaket vert gjennomført til rett tid. Må kvalitetssikrast opp mot mål og strategi.	UKS
Tema	Kva er tema for tiltaket	Kunnskap om kommunereforma
Kanal	Kva for kommunikasjonskanal skal tiltaket gjennomførast i?	Undervisningsopplegg (Kommunereforma på eitt minutt/film)  Evt. eige arrangement av og for ungdom
Bodskap/vinkling	Må kvalitetssikrast opp mot mål, strategi og målgruppe	Skape engasjement frå ungdommane si side. Dette er deira framtid!
Oppfølgingstiltak	Kva for andre tiltak kan vi følge opp med?	Informasjon gjennom media, inkl. sosiale medier

2

Målgruppe	Målgruppe-Kunnskap-Haldning-Ønska effekt	Alle innbyggjarar
Tiltak	Konkret tiltak	Informasjonsskriv
Dato/tid	Ideell timing	April 2016
Ansvarleg	Kven har ansvaret for at tiltaket vert gjennomført til rett tid. Må kvalitetssikrast opp mot mål og strategi.	Forhandlingsutvalet. Rådmannen utformar framlegg.
Tema	Kva er tema for tiltaket	Kunnskap om kommunereforma og dei rammebetingelsane vi opererer innafor. Skape felles forståing for ståstad og fordelar/ulempar knytt til dei ulike alternativa.
Kanal	Kva for kommunikasjonskanal skal tiltaket gjennomførast i?	Informasjonsskriv til alle husstandar, distribuert gjennom Posten
Bodskap/vinkling	Må kvalitetssikrast opp mot mål, strategi og målgruppe	Kunnskap og engasjement.
Oppfølgingstiltak	Kva for andre tiltak kan vi følge opp med?	Folkemøte, informasjon i medier inkl. sosiale medier

3

Målgruppe	Målgruppe-Kunnskap-Haldning-Ønska effekt	Alle innbyggjarar
Tiltak	Konkret tiltak	Fast innlegg frå ordførar kvar veke i lokalavis
Dato/tid	Ideell timing	Jamnleg fram til kommunestyret si handsaming i juni 2016, evt følge opp i forhold til det vidare arbeidet med fusjonering av to/fleire kommunar.
Ansvarleg	Kven har ansvaret for at tiltaket vert gjennomført til rett tid. Må kvalitetssikrast opp mot mål og strategi.	Ordførar evt saman med forhandlingsutvalet
Tema	Kva er tema for tiltaket	Informasjon om og frå prosessen
Kanal	Kva for kommunikasjonskanal skal tiltaket gjennomførast i?	Bygdebladet <a href="http://www.orskog.kommune.no">www.orskog.kommune.no</a>
Bodskap/vinkling	Må kvalitetssikrast oppmot mål, strategi og målgruppe	Informasjon, kunnskap og engasjement
Oppfølgingstiltak	Kva for andre tiltak kan vi følge opp med?	Folkemøte og informasjon gjennom medier inkl. sosiale medier.

#### 4

Målgruppe	Målgruppe-Kunnskap-Haldning-Ønska effekt	Alle innbyggjarar
Tiltak	Konkret tiltak	Opprette eiga politisk drive temaside på Facebook
Dato/tid	Ideell timing	Jamnleg fram til kommunestyret si handsaming i juni 2016
Ansvarleg	Kven har ansvaret for at tiltaket vert gjennomført til rett tid. Må kvalitetssikrast opp mot mål og strategi.	Ordførar og gruppeleiarane i Kommunestyret. Varaordførar tek initiativ til dette.
Tema	Kva er tema for tiltaket	Informasjon om og frå prosessen. Diskusjonar med innbyggjarane om valmuligheiter og retningsval vidare framover.
Kanal	Kva for kommunikasjonskanal skal tiltaket gjennomførast i?	Facebook
Bodskap/vinkling	Må kvalitetssikrast oppmot mål, strategi og målgruppe	Kunnskap, engasjement.
Oppfølgingstiltak	Kva for andre tiltak kan vi følge opp med?	Folkemøte og informasjon i medier

#### 5

Målgruppe	Målgruppe-Kunnskap-Haldning-Ønska effekt	Alle innbyggjarar
Tiltak	Konkret tiltak	Ope folkemøte
Dato/tid	Ideell timing	Mars 2016
Ansvarleg	Kven har ansvaret for at tiltaket vert gjennomført til rett tid. Må kvalitetssikrast opp mot mål og strategi.	Forhandlingsutvalet
Tema	Kva er tema for tiltaket	Informasjon om og frå prosessen. Invitere Sunnmøre Regionråd og evt andre eksterne aktørar til å bidra med

		<i>informasjon og faktagrunnlag i møtet. Evt. innspel frå møtedeltakarane. Innlegg frå gruppeleiarar i kommunestyret om deira haldning til saka.</i>
<i>Kanal</i>	<i>Kva for kommunikasjonskanal skal tiltaket gjennomførast i?</i>	<i>Møte på Samfunnshuset</i>
<i>Bodskap/vinkling</i>	<i>Må kvalitetssikrast oppmot mål, strategi og målgruppe</i>	<i>Kunnskap, engasjement</i>
<i>Oppfølgingstiltak</i>	<i>Kva for andre tiltak kan vi følge opp med?</i>	<i>Informasjon i medier inkl. sosiale medier.</i>

Inndelingslova § 10 anbefalar at ein innhentar innbyggjarane sitt syn i spørsmålet om endring av kommunegrenser:

#### § 10. *Innbyggjarhøyring*

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

Kommunestyret tok i møte 18.02.16 stilling til kva form for innbyggjarhøyring ein skulle nytte i Ørskog kommune:

#### **KS-11/16 Vedtak:**

*Ørskog kommunestyre vedtek at det skal gjennomførast ei rådgjevande folkerøysting. Folkerøystinga skal gjennomførast mellom innbyggjarane over 16 år. Førebels dato for undersøkinga vert sett til 25. april d.å.*

Etter kommunelova § 39b kan kommunestyret bestemme at det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting:

#### § 39b. *Lokale folkeavstemningar*

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemninger.

#### **Resultat av prosess:**

Etter forhandlingar vart det undertekna to intensjonsavtalar. Desse vart lagde fram for kommunestyret i møte 14.04.16:

#### **KS-36/16 Vedtak:**

*Ørskog kommunestyre vedtek av intensjonsavtalanene knytt til dei to reformalternativa Storfjord kommune og Regionkommune Ålesund vert lagt til grunn i høyringa hos innbyggjarane. Ørskog kommune ser det som teneleg å fortsatt vere positive til andre løysingar dersom ein finn det teneleg.*

Innbyggjarhøyring i form av ei rådgjevande folkerøysting etter kommunelova § 39b vart gjennomført 19.05.16. Innbyggjarane fekk følgjande val:

- Ny landkommune (med arbeidstitel «Storfjord kommune»), bygd på intensjonsavtalen mellom Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal kommunar
- Regionkommune Ålesund, bygd på intensjonsavtale mellom kommunane Stordal, Ørskog, Haram, Sandøy, Giske, Ålesund, Sula, Sykkylven og Hareid
- Blankt

Røystesetlane var godkjende av formannskapet som valnemnd.

Resultatet av folkerøysinga vart slik:

Valdeltakinga var 44,2 %

Dei frammøtte røysta slik:

Alt. 1 Landkommune: 83,2 %

Alt. 2 Regionkommune: 15,2 %

Alt. 3 Blank: 1,6 %

## Vurdering:

Stortinget slutta seg i juni 2014 til følgjande overordna målsetjingar for kommunereformen:

### 1. Gode og likeverdige tenester for innbygarane

*«Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bedre tiltaksportefølje, særlig i små og spesialisert tenester»*

### 1. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

*«Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasser naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.»*

### 1. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

*«Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha ein mer variert befolknings- og næringssammensetning. Det gjør kommune mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innanfor begrensede økonomiske rammer.»*

### 1. Styrke lokaldemokratiet og gi fleire oppgåver til større kommunar

*«Større kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løysninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»*

Desse måla skal vere med å løyse utfordringane i 20-40 år framover.

Ein kommune har ulike roller: tenesteytar, myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar og lokaldemokratisk arena.

Regjeringa sitt oppnemnde ekspertutval har peika på ein del punkt som alle kommunar må vurdere seg sjølve i forhold til:

1. Tilstreккеleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstreккеleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Ekspertutvalet har vidare peika på følgjande tre kriterier for god kommunestruktur:

- Kommunane bør ha minst 15 000-20 000 innbygarar for å sikre god oppgåveløysing
- Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Staten bør redusere detaljstyringa, og ordningar for politisk deltaking bør vidareutviklast for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer

Gjennom kommunereformprosessen har ein arbeid med vurdering av status og muligheter knytt til

ulike alternativ; kan Ørskog kommune halde fram som eigen kommune som i dag, eller er der andre alternativ som betre vil gjere oss i stand til å levere i forhold til dei måla som er sett for kommunereformen. Å halde fram som eiga kommune er ikkje utgreidd, og har heller aldri vorte fremja som eit alternativ. Ørskog kommune stiller seg i utgangspunktet positiv til samanslåing med andre kommunar.

Det er utarbeidd SWOT-analysar som peikar på styrker, svakheiter, muligheiter og truslar for Ørskog kommune, sett i forhold til dei to reformalternativa som har vore utgreidd og forhandla om.

#### *Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar:*

Kommunen har ei viktig rolle som produsent av velferdstenester, og staten stiller krav til dei kommunale tenestene. Eit sentralt nasjonalt mål er at tenestane skal vere *likeverdige*. Utjamning og likeverdige tenester mellom innbyggjarane og mellom geografiske område har vore eit sentralt mål i oppbygginga av velferdsstaten. Sektormyndigheiter stiller generelt krav til *god kvalitet* i tenestene og at tilboda skal vere individuelt tilpassa. Kommunane har i dag ei brei og omfattande oppgåveportefølje, med ansvaret for velferdstenester som barnehagar, grunnskular, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.

Målsetjingar for Ørskog kommune knytt til tenesteproduksjon bør vere å ha tilstrekkeleg mengde teneste, å gi kvalitative og likeverdige tenester, samt å kunne tilby alle lovpålagde tenester. I dette ligg det også å vere ein attraktiv arbeidsgjevar, å kunne vere innovative og ha kapasitet til å møte utfordringar og utviklingskrav.

Ørskog kommune er ei lita kommune både i areal og innbyggartal. Slik sett vil det vere kort avstand mellom innbyggjarane og basistenesene, og kommunen har gode høve til å skaffe seg oversikt over innbyggjarane sine behov. Ørskog har likevel fram til no hatt eit desentralisert tenestetilbod innafør oppvekstområdet. Når det gjeld andre store tenesteområde, er det i større grad ei sentralisering, der institusjon og omsorgstilbod er lokalisert på Sjøholt.

Ørskog kommune har i stor grad lykkast med å tilby det forventa tenestnivået innanfor individbaserte tenester i pleie og omsorg. Ein ser no at dette vert utfordra i og med strammare økonomiske rammer og store demografiske endringar. Dette gjer det naudsynt for kommunen å gå kritisk gjennom både kva nivå/omfang tenestene skal ha og korleis tenestene skal ytast. Tildeling av tenester har vore desentralisert. Dette betyr at kvar eining (utøvaren av tenesta) har fatta vedtak om tildeling. Utfordringa med å både skulle tildele og å utøve er at det kan bli for «nært». I små kommunar kan dette vere ei utfordring. Ein skal både tildele og utøve tenester, ofte til menneske ein har eit personleg forhold til.

For å sikre profesjonalitet og likeverdig tilbod til innbyggjarane har Ørskog kommune vedteke å gå gjennom rutinar for tildeling av tenester med tanke på å profesjonalisere denne delen. Dette er vanleg i større kommunar, men med bakgrunn i ovannemnde dilemma, kanskje like viktig i små kommunar, der tilstrekkeleg distanse mellom innbyggjar og tilsett kan vere ei utfordring.

Tilstrekkeleg kapasitet til å gje innbyggjarane tenester dei har rett til er ei utfordring, også for Ørskog kommune. Fleire av tenestene våre kan dimensjonert gjennom god langsiktig planlegging, medan andre tenester må opprettast raskt med bakgrunn i nye behov som dukkar opp. Utviklinga peikar og mot at oppgåvene kommunen vert pålagd i aukande grad krev spisskompetanse. Samhandlingsreforma har bidrege til dette. Kommunen får ansvar for å ta imot pasientar frå sjukehuset tidlegare i behandlingsforløpet. Dette krev auka kapasitet og kompetanse ved sjukeheimen og i heimetenesene.

Utviklinga syner også at vi i større grad må ta hand om menneske med samansette og komplekse behov. Dette kan td vere unge menneske med samansette vanskar knytt til rus, psykiatri eller andre utfordringar, som gjer at dei treng koordinerte tenester, inkludert hjelp til å meistre å bu i eigen bustad. Styrken i små kommunar som Ørskog, er at vi raskt kan samle fagmiljøa i kommunen for å finne fleksible løysingar på tvers av tenesteområde. På den andre sida vil ei større kommune i mange tilfelle ha eit breiare tenestespekter etablert, og nye tilfelle som dukkar opp kan på ein enklare måte inngå i dette.


#### Demografisk utvikling og framskrivingar av forventa behov for tenester:

Ørskog kommune vil fram mot 2040 ha ein fod vekst i aldersgruppe 0-19 år, men ein nedgang i aldersgruppa 45 – 66 år. Samanstillar ein aldersgruppe 45 – 66 år med aldersgruppe 20 – 44 år kjem ein positivt ut for dei som vert rekna inn i arbeidsdyktig alder. Kommunen har imidlertid ein svært stor vekst i aldersgruppa 67 – 79 år, medan 80 år og eldre vil ha ein nedgang fram mot 2025 og deretter

ein kraftig vekst fram til 2040. (Kjelde: SSB).

	2012	2015	2020	2025	2030	2035	2040	Sum endring
0-5 år	157	173	193	199	197	187	188	31
6-12 år	189	186	221	243	249	249	237	48
13-15 år	78	96	88	99	105	111	110	32
16-19 år	114	118	120	120	134	147	149	35
20-44 år	656	664	703	721	737	756	789	133
45-66 år	681	682	657	650	655	650	654	-27
67-79 år	201	250	332	371	356	365	334	133
80 år eller eldre	126	114	100	130	187	216	263	137
Sum	2202	2283	2414	2533	2620	2681	2724	522

Figuren under viser berekning av framskrive behov for sentrale tenester i Ørskog kommune dei neste 25 åra:



Figur 1: Berekna behov for tenester i Ørskog kommune 1987–2037 for kommunen samla og for tre sektorar.

Kilde: SSB og egne berekningar utført av Agenda Kaupang.


For kvar teneste er det laga ein indeks der nivået i 2013 er sett til 100. Det betyr at figuren gir uttrykk for endringa i det demografiske behovet samanlikna med 2013. For grunnskulen er det til dømes berekna ein verdi på omlag 130 i 2040. Det betyr at antall skulebarn i framskrivinga til SSB er omlag 30 % høgare enn i 2013.

Det berekna behovet for pleie og omsorg aukar med ca. 60 % i perioden fram til 2040.

Befolkningsutviklinga vil innebere store utfordringar for tenester og tenestenivå for innbyggjarane i Ørskog. Ørskog er ein vekstkommune der det vil vere behov for å auke kapasiteten innanfor alle tenestoområda. Behovet for å auke kapasiteten er likevel klart størst innan pleie og omsorg.

Fram mot år 2040 tilseier befolkningsprognosen at det samla sett vil vere ein god vekst i befolkninga i Ørskog kommune. Dette vil medføre at tenestetilbodet må endrast i takt med utvikling og behov. Ved å samanlikne ulike tenestoområde i eit 25-års perspektiv, vil både utfordringar og muligheiter vise seg. Barnehage og grunnskule vil ha ein god vekst fram til 2025 – 2030. Dette krev at vi må ha god barnehagedekning. Kommunal og nybygd privat barnehage vil fyllast opp og planlagt utbygging av dei to siste avdelingane på den private barnehagen må sannsynligvis gjennomførast. Auka elevtal i skulen krev meir areal til elevane. Arbeidet med bygging av ny skule på Sjøholt er allereie starta opp.





Figur 2: Antall eldre over 67 år i Ørskog kommune 1987-2037. Registrert utvikling 1987-2013 og fremskrevet utvikling 2013-2037. Kilde: Alternativ MMMM til SSB.

For yngre og eldre eldre vil det skje store endringar frå 2013 og fram til 2037. Behovet for helse og omsorgstenester vil ligge jamt fram mot 2025. Ser vi på personar over 80 år vil denne aldersgruppa falle noko fram til 2020, og deretter auke kraftig fram til 2037. For aldersgruppa 67 – 79 år vil vi få ein sterk vekst fram til 2025. Dette tilseier at vi kan ha muligeheit til å gjere endringar i tenestetilbodet vårt ved å bruke muligheitsrommet som ligg fram til 2020 ved nedgang i eldre over 80 år og auke i alder 67-79 år.

Ørskog kommune ligg sentralt plassert i regionen. Vi har stor inn- og utpendling til kommunen, og har god tilgang til arbeidskraft samanlikna med ein del andre småkommunar. Slik sett er ikkje den største utfordringa knytt til rekruttering. Utfordringsbiletet er likevel tydeleg. Vi har små fagmiljø innanfor spesialiserte tenester, og er i så måte svært sårbar dersom nokon sluttar. For å demme opp om dette har kommunen bevisst inngått ei rekke interkommunale samarbeid med nabokommunane. Større og meir robuste fagmiljø har vore hovudmotivasjonen for dette. Betre ressursutnytting har og vore ei grunnleggjande for dei interkommunale samarbeida.

I tillegg til interkommunale samarbeid er kommunen avhengig av å kjøpe tenester knytt til ulike oppgåver. Dette kan omhandle juridisk rådgjeving, bestillarkompetanse knytt til anbod, prosjektleiing knytt til investeringsprosjekt ol. Generalistkommunen slik den er utforma i dag krev at dei fleste kommunar må kjøpe slike tenester. Også tilstrekkeleg bestillarkompetanse kan vere ei utfordring for små kommunar, både i innkjøpsfasen og i oppfølgingsfasen.

I samband med kommunereformen har den auka graden av interkommunale samarbeid blitt omtalt som ein strategi for oppgaveløysing som svekkjer lokaldemokratiet. Generalistkommunemodellen inneber at alle har det same breie oppgaveansvaret og skal ivareta funksjonane som tenesteleverandør, samfunnsutviklar, myndigheitsutøvar og demokratisk arena. Kommunane er svært ulike med omsyn til mellom anna folketal, folketalsutvikling, avstandar og sentralitet, og vil slik sett ha ulike føresetnadar for å fylle desse funksjonane.

Ørskog kommune deltek i om lag 40 ulike interkommunale samarbeid, på ulike fagområde og ulike konstellasjonar med ulik organisering. Nokre av samarbeida omfattar alle kommunane på nordre Sunnmøre. Når det gjeld andre tenester, som kan kallast «kvardagstenester», samarbeider vi med færre og meir nærliggjande kommunar om (til dømes PPT, barnevern, NAV). Kommunane langs Storfjorden har tradisjonar for å samarbeide kring halvspesialiserte kvardagstenester.

Interkommunale samarbeid har oppstått for å gjere kommunane betre rusta til å ivareta lovpålagde tenester med tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Regjeringa meiner at interkommunale samarbeid ikkje er ei fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar. Det medfører ei meir kompleks forvaltning, og svekker demokrati, transparens og kontroll ettersom viktige avgjerder vert flytta frå

folkevalde organ til interkommunale samarbeid. Nokre av dei interkommunale samarbeida har folkevald styring, men det er utfordrande å sikre god nok informasjon tilbake til dei som skal fatte avgjerdene, kommunestyret. Svak styring med interkommunale saamrbeid kan vanskeleggjere naudsynt omstilling og tilpassing av teenstene.

Regjeringa meiner at større kommunar med betre kapasitet og kompetanse vil leggje betre til rette for gode og likeverdige tenester over heile landet. Større fagmiljø vil gje meir stabile arbeidsmiljø, breidde i kompetansen og en breiare tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tenester.

For innbyggjarane er tenestene viktige. Dei er sjølv sagt opptekne av kvalitet, men og av lokalisering. Kvardagstenester som skular, barnehagar, omsorgstenester og andre bør, no og i framtida, liggje der folk bur. For innbyggjarane våre vert det truleg lite endringar på desse områda. Kvardagstenester/basistenester er Ørskog kommune i stand til å gi den kvaliteten som er forventa. Dersom det berre var desse tenestene vi skulle levere i framtida kunne Ørskog halde fram som eiga kommune, iallfall dersom økonomiske og demografiske føresetnader var uendra. Men slik er det ikkje: Kommunane skal fortsatt vere generalister, og alle kommunar, store som små, skal levere innafor det same tenestespekteret. I tillegg har kommunane fleire oppgåver enn å vere tenesteproducent. Kommunar har også ei samfunnsutviklarrolle, ei rolle som forvaltar av lokaldemokrati, og som utøvar av mynde.

Når det gjeld meir spesialiserte tenester ser ulikskapen mellom små og store kommunar ut til å verte større. Frå små kommunar som td ikkje har tilbud td innan rusomsorg, til store kommunar som har kompetente ressursteam inn imot dei svakaste gruppene. Der store kommunar har brei innbyggjardialog og ei lett tilgjengeleg og døgnåpen forvaltning, har mange små kommunar store utfordringar med å få ut det aller mest naudsynte på ei heimeside. Dette utfordrar dei grunnleggande verdiane om likeverdige tenester til alle i heile Norge.

Robuste fagmiljø er eit omgrep som har vore mykje brukt i kommunereformdebatten. Eit robust fagmiljø vert og definert som eit miljø med fleire enn 5 tilsette innanfor eitt og same fagområde. Innanfor nokre av dei store tenesteområda fyller vi desse krava i Ørskog kommune. Situasjonen er likevel slik at vi innanfor eit stort spekter av fagområde har mindre enn ei stilling. Dette betyr at ein enkelttilsett kan sitje åleine med fagansvar for fleire område. Dette gjer oss svært sårbare. Innafor sentraladministrasjonen og teknisk avdeling har vi fleire slike løysingar. Døme på dette kan vere på lønns- og personalområdet, fakturering, arkiv, planlegging, byggesak, politisk sekretariat og strategisk informasjonssarbeid.

Fleire av tenestene som vi driftar i eigen organisasjon er svært sårbare for fråver og for å kunne oppretthalde nok kvalitet og kompetanse til å gi innbyggjarane det dei har krav på, spesielt innanfor små og spesialiserte tenester. Kvardagstenestene som skule, barnehage og omsorgstilbod kan seiast å vere område der vi er robuste nok. Desse tenestene bør, og vil nok også i framtida vere lokalisert som i dag. Dette er viktig for innbyggjarane, og også viktig å formidle når tema kommunestruktur er på dagsorden.

Dersom målet er å etablere store nok fagmiljø som kan oppretthalde kvalitet og kompetanse i den nye kommunen kan begge dei utgreidde modellane (Regionkommune Sunnmøre og Ny landkommune) vere aktuelle. Begge alternativa vil føre til at kommunen kan handtere fleire oppgåver i eigen organisasjon. Ny landkommune må nok likevel belage seg på å forhandle seg fram til ein del interkommunale samarbeid også i framtida.

Regjeringa sitt ekspertutval har lagt til grunn at kommunar bør ha eit samla folketal på 15 000-20 000 for å vere robuste. Sjølv om Stortinget ikkje har sett minstekrav til innbyggartalet, kan dette vere ein peikepinn på kva som må til for at vi skal kunne nå målsetjingane med kommunereformen.

Sjølv om det framleis vil vere nærleik til kvardagstenestene, vil enkelte oppleve at avstanden vert større enn i dag for å kunne samordne dei tenestene som krev det. I både Ny landkommune og

Regionkommune Sunnmøre vil det vere en geografisk avstand innad i kommunen som kan medføre lengre avstand og redusert tilgjenge for innbyggjarane til dei tenestene som krev samordning. Her kan kvalitetane knytt til nærleik verte utfordra av kvalitetskrav knytt til større og dermed mindre sårbare fagmiljø. Der avstand på den eine sida vert opplevd som negativt, kan det på den andre sida vere positivt då det kan redusere eventuelle habilitetsutfordringar.

### Tenesteyting og utøving av mynde i landkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Nærheit mellom tilbydar og mottakar av tenester skaper fleksibilitet og forståing</li> <li>· Reruttering – sentral beliggenheit gjer at ein lett rekrutterer til alle typar stillingar</li> <li>· Korte avstandar til alle kvardagstenester for alle innbyggjarar</li> <li>· Stor grad av delegering kan gi effektiv tenesteproduksjon</li> <li>· Oversiktleg organisasjon gir gode muligheiter for tverrfagleg samarbeid og samspel på tvers av tenesteeiningar</li> <li>· Stabil arbeidsstokk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Ikkje tilstrekkeleg distanse mellom tilbydar/sakshandsamar og mottakar av tenester – habilitetsutfordringar kan oppstå</li> <li>· Objektivitet og likebehandling kan vere ei utfordring</li> <li>· Små og sårbare fagmiljø</li> <li>· Organisasjonen er for liten til å sikre overlapp på viktige nøkkelfunksjonar</li> <li>· Enkelte fagmiljø kan slite med å ha spisskompetanse</li> <li>· Utstrakt interkommunalt samarbeid</li> <li>· Ein er prisgitt interkommunale samarbeid for å få til utviklingsoppgåver</li> <li>· Dårleg «bestillarkompetanse» ved kjøp av tenester</li> <li>· Utfordrande å kunne tilby spesialiserte tenester når behov oppstår</li> <li>· Høg gjennomsnittsalder for dei tilsette, gjeld spesielt helse- og omsorgssektoren</li> <li>· Lav turnover i organisasjonen kan hemme utvikling og nytenking</li> </ul>
	Muligheit	Trussel
<b>Landkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Større fagmiljø og høgare kompetansenivå samla sett</li> <li>· Muligheit for spesialisering og spisskompetanse</li> <li>· Større distanse og meir likeverdige tenester</li> <li>· Stordriftsfordelar - Betre ressursutnytting og meir effektive tenester, spesielt på administrative kostnader og kostnader til politisk styring</li> <li>· Kan sikre betre koordinering av tenester for innbyggjarar med samansette behov</li> <li>· Ein del dei oppgåvene som i dag er løyste gjennom interkommunale samarbeid vert ein del av den ordinære administrative og politiske styringslinja i ein større kommune</li> <li>· Meir robust kommuneøkonomi</li> <li>· Auka folkevekst kan sikre fleire tenester lokalt</li> <li>· Spele på styrkane til dei ulike eksisterande kommunane.</li> <li>· Ein landkommune vil kunne sikre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Ein større kommune medfører større avstandar</li> <li>· Ein større kommune kan føre til at tenestene vert mindre tilgjengelege i lokalsamfunnet</li> <li>· Ein større kommune kan gi mindre fleksible løysingar</li> <li>· Lokalkunnskapen vil forsvinne i ein større kommune, men trusselen vil vere mindre enn i ein større regionkommune. Dette forsterkar seg dess større kommunen vert.</li> <li>· Kulturforskjellar</li> <li>· Sentralisering av tenester</li> <li>· Større spesialisering og fragmentering av tenestene</li> </ul>

ein del av lokalkunnskapen.

### Kva styrkar muligheitene:

Gode prosessar knytt til planlegging av den nye kommunen, med brei involvering av tilsette og brukarrepresentantar

Sikre at tilsette opplever å verte tekne med på råd og hørde i samband med verksemdsoverdraginga

### Kva demmer opp for truslane:

Prinsipp om at nærtenester (td. skule og barnehage) framleis skal vere desentraliserte

### Tenesteyting og utøving av mynde i regionkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Nærheit mellom tilbydar og mottakar av tenester skaper fleksibilitet og forståing</li><li>· Rerutting – sentral beliggenheit gjer at ein lett rekrutterer til alle typar stillingar</li><li>· Korte avstandar til alle kvardagstenester for alle innbyggjarar</li><li>· Stor grad av delegering kan gi effektiv tenesteproduksjon</li><li>· Oversiktleg organisasjon gir gode muligheiter for tverrfagleg samarbeid og samspel på tvers av tenesteeiningar</li><li>· Stabil arbeidsstokk</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Ikkje tilstrekkeleg distanse mellom tilbydar/sakshandsamar og mottakar av tenester – habilitetsutfordringar kan oppstå</li><li>· Objektivitet og likebehandling kan vere ei utfordring</li><li>· Små og sårbare fagmiljø</li><li>· Organisasjonen er for liten til å sikre overlapp på viktige nøkkelfunksjonar</li><li>· Enkelte fagmiljø kan slite med å ha spisskompetanse</li><li>· Utstrakt interkommunalt samarbeid</li><li>· Ein er prisgitt interkommunale samarbeid for å få til utviklingsoppgåver</li><li>· Dårlig «bestillarkompetanse» ved kjøp av tenester</li><li>· Utfordrande å kunne tilby spesialiserte tenester når behov oppstår</li><li>· Høg gjennomsnittsalder for dei tilsette, gjeld spesielt helse- og omsorgssektoren</li><li>· Lav turnover i organisasjonen kan hemme utvikling og nytenking</li></ul>
	<b>Muligheit</b>	<b>Trussel</b>
<b>Regionkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Større fagmiljø og høgare kompetansenivå samla sett</li><li>· Muligheit for spesialisering og spisskompetanse</li><li>· Større distanse og meir likeverdige tenester</li><li>· Stordriftsfordelar - Betre ressursutnytting og meir effektive tenester, spesielt gjeld dette administrative kostnader og kostnader til politisk styring</li><li>· Kan sikre betre koordinering av tenester for innbyggjarar med samansette behov</li><li>· Ein del dei oppgåvene som i dag er løyste gjennom interkommunale samarbeid vert ein del av den ordinære administrative og politiske styringslinja i ein større kommune</li><li>· Meir robust kommuneøkonomi</li><li>· Auka folkesvekst kan sikre fleire tenester lokalt</li><li>· Spele på styrkane til dei ulike eksisterande kommunane</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Ein større kommune medfører større avstandar</li><li>· Ein større kommune kan føre til at tenestene vert mindre tilgjengelege lokalt</li><li>· Ein større kommune kan gi mindre fleksible løysingar</li><li>· Lokalkunnskapen vil forsvinne i ein større kommune. Dette forsterkar seg dess større kommunen vert.</li><li>· Kulturforskjellar</li><li>· Sentralisering av tenester</li><li>· Større spesialisering og fragmentering av tenestene</li></ul>

### Kva styrkar muligheitene:

Gode prosessar knytt til planlegging av den nye kommunen, med brei involvering av tilsette og brukarrepresentantar  
Sikre at tilsette opplever å verte tekne med på råd og høyrde i samband med verksemdsoverdraginga  
**Kva demmer opp for truslane:**  
Prinsipp om at nærtenester (td. skule og barnehage) framleis skal vere desentraliserte

#### *Vurdering av kommunen si rolle som utøvar av mynde / ivaretaking av rettstryggleiken til innbyggerane:*

Kommunen utøver mynde innanfor ei rekke saksfelt i medhald av lov. Kommunane kan td fatte vedtak om tildeling av tenester, krevje inn skattar og avgifter, gi eller avslå løyve og fordele tilskot. Utøving av mynde kan vere retta mot enkeltindivid, bedrifter eller organisasjonar. Den mangfaldige oppgåveportefølja inneber at kommunen td fattar vedtak innanfor grunnopplæring, vedtak om tildeling av omsorgstenester, vedtak om byggjeløyve, ulike tilskot, og fattar vedtak knytt til spesialiserte oppgåver som psykiske helsetenester og barnevern. Rolla som utøvar av mynde heng tett saman med rolla som tenesteutøvar.

Målsetjingar for Ørskog kommune knytt til utøving av mynde bør vere å kunne tilby kvalitative og likeverdige tenester, profesjonalitet i forvaltninga, samt at vi kan framstå som samarbeidsdyktige på tvers av forvaltningsnivåa.

#### Kapasitet og kompetanse til utøving av mynde:

For å sikre forsvarleg utøving av mynde og for å sikre innbyggerane sine rettar har Ørskog kommune ulike tiltak. Etablering av tildelingskontor er under vurdering, nettopp for å sikre innbyggerane sine rettar og syte for at sakene får ei god og likeverdig handsaming.

Juridisk kompetanse vert innhenta på ulike måtar:

KS stiller juridisk rettleiing til disposisjon innan eit breitt spekter av fagområde. KS sine tenester vert særleg nytta på personalområdet.

- Kjøp av tenester frå kommuneadvokat i Ålesund. Innan barnevernsområdet har Ørskog kommune og Storfjorden barnevern ein fast avtale om kjøp av denne kompetansen.
- Kjøp av juridisk kompetanse frå private – retta mot enkeltsaker td knytt til plan og bygningslova, personalsaker etc.

Omfanget av klager knytt til dei ulike forvaltningsområda:

Norsk lov legg opp til at innbyggerane kan få sine saker prøvd på nytt gjennom klagesakshandsaming. Innbyggaren kan difor påklage enkeltvedtak som vert fatta av kommunen. Saka skal då gå tilbake til kommunen, og om kommunen vel å oppretthalde vedtaket går saka vidare til klageinstansen, ofte Fylkesmannen.

Ørskog kommune mottok relativt få klager på (enkelt)vedtak etter særlovgjeving. I 2014 mottok kommunen 9 slike klager knytt til ulike område, og om lag det same i 2015. Sakene gjeld ulike område; tildeling av langtidsplass på institusjon, fastsetjing av vederlag for opphald i institusjon, tildeling av startlån, fastsetjing av kommunale avgifter, vedtak i namnesak etc. I nokre tilfelle vert vedtaka omgjort av kommunen, i andre tilfelle vidaresendt til klageinstans og avgjort der.

#### Sakshandsamingstider og kvalitet på sakshandsaminga:

Det vert stilt store krav til kommunane, og kompleksiteten aukar i takt med oppgåvemengda. Det same gjeld behovet for kompetente og robuste fagmiljø.

Større kommunar har større fagmiljø, som er mindre sårbare enn for småkommunar med berre ein sakshandsamar på eit fagområde. Større kommunar kan ofte yte betre framdrift og kvalitet i sakshandsaminga. På den andre sida kan små kommunar handsame saker rasjonelt fordi kvar sakshandsamar har generell og brei erfaring med heile organisasjonen. Dette kan gi gode og heilskaplege løysingar i kvar enkelt sak.

Vi har ikkje noko statistikk som kan seie noko generelt om sakshandsamingstid i Ørskog. Gjennom sak-arkiv-systemet er det lagt opp til varslingsrutinar dersom ei sak ikkje vert besvart innan kort tid.

#### Rutinar og system for utøving av mynde:

Ørskog kommune arbeider kontinuerleg med forbetring av system og rutinar på alle tenestemråde. Det har siste året vore arbeid med eit system for heilskapleg styring, med rapportering både på økonomi og på kvalitetsindikatorar. Det har vore gjennomført ein del analysar for å få god oversikt over eigen ståstad, og det er også utarbeidd ROS-analysar på dei fleste område. Det er innført eit nytt kvalitetssystem for heile kommunen (KF Kvalitetsstyring), der all dokumentasjon, rutinar etc vert samla på ein stad, og der ein også får eit godt system for avvikshandtering. Gjennom eigenvurdering og gjennom eksterne tilsyn vil ein kunne få avdekt om internkontroll og

system er godt nok. Eksterne tilsyn, frå fylkesmannen, Arbeidstilsynet og andre overordna myndigheiter, konkluderer i hovudsak med at Ørskog kommune driv forsvarleg. Men ein opplever på fleire område at det vert avdekt avvik og at ein får pålegg om retting.

#### *Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar:*

Kommunane si rolle som samfunnsutviklar omfattar oppgåver knytt til mellom anna arealbruk, utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stad- og sentrumsutvikling, næringsutvikling, klima og miljø, og folkehelse.

Rolla femnar vidare enn dei oppgåvene ei kommune er pålagt å utføre gjennom lover og forskrifter, og er i stor grad basert på samarbeid med og mobilisering av aktørar i og utanfor eigen kommune.

Kommunane skal gjennom planar og tiltak skape heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet og gode levekår for innbyggjarane.

Status på planarbeidet i Ørskog kommune er at både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er overmodne for revidering. Dei er såleis dårleg eigna som styringsverktøy for kommunen. Dette arbeidet vert no starta opp. Det er også behov for utarbeiding av ein sentrumsplan for Sjøholt. Ein vil legge til rette for at delar av desse planprosessane kan skje parallelt.

Mykje av den kommunale innsatsen for samfunnsutvikling skjer på område der dei statlege føringane er avgrensa og den lokale fridomen stor. Ørskog kommune er med i Hopp-Id-ordninga. Kommunane har gjennom sin lokalkunnskap gode føresetnader for å vere førstelinje for bedrifter, gründarar, samfunnsentreprenørar og eldsjeler. I dette arbeidet må kommunane ha god henvisningskompetanse, oversikt over kva dei ulike virkemiddelaktørane kan bidra med og slik gi effektiv rettleiing til dei som treng det. I tillegg ligg det i denne rolla ei leiaroppgåve for kommunane gjennom å mobilisere, utløyse og støtte opp lokale initiativ innan td. stadutvikling, inkludering og omdømmebygging.

I både små og store kommunar er samarbeid viktig i utøvinga av samfunnsutviklarrolla.

Aktørar kommunen har kontakt og samarbeid med, er innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv og kompetansemiljø, men og ulike aktørar på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Samarbeidet dreier seg om arenabygging, dialog, medverknad, samarbeid, nettverksbygging og etablering av partnerskap. Plan- og bygningslova slår vidare fast at planlegging og vedtak skal sikre open informasjon, forutsigbarheit, og medverknad for alle interessentar og myndigheiter.


Sunnmørsregionen er ein «komprimert» region, og innbyggjarar og næringsliv forflyttar seg på kryss og tvers av fleire kommunegrenser. Eit av argumenta for at dagens kommunegrenser ikkje er hensiktsmessige er at innbyggjarane i dag i større grad enn tidlegare gjer seg nytte av arbeidsplassar, handels- og tenestetilbod i eit vidare område enn der dei bur. Kommunegrensene betyr stadig mindre i dagleglivet.

NIBR har delt Norge inn i bu- og arbeidsmarknadsregionar mellom anna på bakgrunn av kriterier som kommunestorleik, arbeidsplassar, pendlingsomfang og reisetid til næraste større senter. NIBR har definert 6 BA-regionar på Sunnmøre. Ørskog vert her plassert i Ålesunds-regionen, saman med Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Stordal og Sykkylven.




Figur 3: Bo- og arbeidsmarkedsregioner i Møre og Romsdal. Fargekodene angir BA-regionene. Tall angir kommunenummer. Kilde: NIBR

Ørskog kjem godt ut, samanlikna med dei andre kommunane i fylket, om ein ser på andelen kvinner blant dei unge vaksne i kommunen.



Utdanningsnivået i Ørskog er mellom det høgste i fylket.



Utviklinga av Sjøholt sentrum er spesielt viktig for dei innbyggargruppene som er minst mobile, dei yngre og dei eldre. Balansegangen mellom kva innbyggjarane ønskjer lokalt og kva roller og funksjonar dei får tilfredsstillt i regionen er viktig.

Det er svært viktig for Sjøholt sentrum å få prosjektert og bygt sikringstiltak mot evt tsunami ved fjellskred frå Åkneset. Dette vil vere ein viktig faktor for å kunne utvikle Sjøholt sentrum vidare. Europavegen gjennom sentrum er både ei glede og ei belastning for lokalsamfunnet i Ørskog. Vegen skaper meir aktivitet og auka handel, men stadig aukande trafikk vert også opplevd som ei belastning for lokalsamfunnet. Plan for miljøgate er utarbeidd og godkjend, men prosjektet er ikkje finansiert. Det har vore gjort mykje politisk arbeid for å få prioritert dette prosjektet i fylkeskommunen og Statens Vegvesen sine planar, men ein har så langt ikkje nådd fram.

Auka bustadbygging er viktig for Ørskog kommune. Det har difor vore arbeid med regulering av nye bustadfelt, samt med å tiltrekke seg utbyggingsfirma som kan utvikle bustadprosjekt i Ørskog.

Regjeringa har mål om at kommunesektoren skal bli betre i stand til å løyse nasjonale utfordringar. Reforma skal betre føresetnadane for ei styrka og samordna lokal og regional utvikling i alle delar av landet både når det gjeld arealbruk, samfunnsstryggleik- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og i tillegg den sosiale utviklinga i kommunen. Det er ønskeleg at kommunegrensene i større grad vert tilpassa naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar.


Det er ikkje lenger samsvar mellom dagens kommunegrensar og den kvardagsregionen som innbyggjarane er ein del av. Vi som innbyggjarar har endra oss. Vi bur i éin kommune, men mykje av vårt kvardagsliv går på kryss og tvers av fleire kommunar: Vi kryssar kommunegrensene for å kome på arbeid, for å gå på videregående skule, for å gjere oss nytte av offentlege og private tenester, for å drive kulturelle aktivitetar og friluftsliv, og for å pleie sosiale relasjonar. Dersom kommunegrensene i framtida samsvarar meir med bu og arbeidsmarknadsregionen vil dette også sikre at innbyggjarar får høve til demokratisk påverknad i det området dei oppheld seg i kvardagen.

Samordna planlegging er nøkkelen til vekst og utvikling i regionen. Samordna planlegging av infrastruktur, kollektivløysingar, sentrumsstrukturar og arealdisponering er viktig. Dagens kommunestruktur har medført døme på fragmentert planlegging interne drakampar mellom kommunane. Dette er verken innbyggjarar, næringsliv eller ein samla region tent med.



Signala frå sentralt hald tydar på ei fortsatt auka satsing på byregionar. Alle regionar er avhengig av ein sterk by som spelar på lag med omlandet for at regionen skal vere attraktiv framover. Dette må Sunnmøre arbeide med uavhengig av kommunereform. Vi ser allereie i dag at regionen vår har utfordringar mtp å få unge menneske, spesielt kvinner, å velje Sunnmøre. Som det einaste fylket i landet opplever Møre og Romsdal ein nedgang i folketallet i 2016. Ein bør likevel spørje seg om kommunereforma kan bidra til å styrke samspelet i regionen. Kan vi gjennom å endre kommunegrensene framstå som eit meir samla Sunnmøre i kampen om både kollektivsatsingar, infrastrukturløysingar og statlege arbeidsplassar?

I tabellen under kjem det fram kva for pendlarmønster som eksisterer mellom sunnmørskommunane. Fleire av kommunane har høg pendling til Ålesund, også Ørskog som nesten 25 prosent. I tillegg kjem skuleelevar/studentar til vidaregåande skule og høgskule, der dei aller fleste pendlar til Ålesund. Også mtp handel og fritidsaktivitetar skjer reising mot Moa/Ålesund.



# Utpendling

SAMLET	55 126 ARBEIDSTAKERE	49 328 PENDLER IKKE	1 056 OSLO	482 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	456 HERØY (M. OG R.)	442 BERGEN	392 MOLDE	2 970 ANDRE
SKODJE	2 343 ARBEIDSTAKERE	830 PENDLER IKKE	910 ÅLESUND	222 HARAM	76 ØRSKOG	32 OSLO	30 SULA	243 ANDRE
GISKE	4 175 ARBEIDSTAKERE	2 089 PENDLER IKKE	1 536 ÅLESUND	68 HARAM	59 OSLO	57 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	36 ULSTEIN	330 ANDRE
HARAM	4 688 ARBEIDSTAKERE	3 271 PENDLER IKKE	747 ÅLESUND	141 SKODJE	62 OSLO	45 ULSTEIN	41 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	381 ANDRE
NORDDAL	875 ARBEIDSTAKERE	674 PENDLER IKKE	48 STRANDA	34 ÅLESUND	19 STORDAL	13 MOLDE	13 SYKKYLVEN	74 ANDRE
STORDAL	499 ARBEIDSTAKERE	304 PENDLER IKKE	60 ÅLESUND	33 ØRSKOG	26 NORDDAL	19 STRANDA	12 SKODJE	45 ANDRE
SANDØY	654 ARBEIDSTAKERE	568 PENDLER IKKE	15 ÅLESUND	12 MOLDE	10 HARAM	8 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	6 OSLO	35 ANDRE
ULSTEIN	4 466 ARBEIDSTAKERE	3 053 PENDLER IKKE	359 HAREID	251 HERØY (M. OG R.)	194 SANDE (M. OG R.)	169 ÅLESUND	85 VOLDA	355 ANDRE
ØRSKOG	1 219 ARBEIDSTAKERE	615 PENDLER IKKE	269 ÅLESUND	78 SKODJE	60 HARAM	32 STORDAL	27 MOLDE	138 ANDRE
SULA	4 663 ARBEIDSTAKERE	2 046 PENDLER IKKE	1 921 ÅLESUND	72 OSLO	57 HARAM	48 ULSTEIN	43 BERGEN	476 ANDRE
SYKKYLVEN	4 095 ARBEIDSTAKERE	3 318 PENDLER IKKE	339 ÅLESUND	87 STRANDA	61 OSLO	35 BERGEN	33 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	222 ANDRE
ÅLESUND	24 808 ARBEIDSTAKERE	19 903 PENDLER IKKE	621 SULA	613 OSLO	404 HARAM	316 GISKE	297 SKODJE	2 654 ANDRE
HAREID	2 641 ARBEIDSTAKERE	1 327 PENDLER IKKE	771 ULSTEIN	164 ÅLESUND	105 HERØY (M. OG R.)	42 SKOKKELEN SØR FOR 62° N	41 OSLO	191 ANDRE

## Samfunnsutvikling i landkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Liten kommune – kort avstand mellom innbyggjar og sakshandsamar skaper forståing og fleksibilitet</li> <li>Folketalsauke</li> <li>Gode areal til bustadformål og næringsformål er tilgjengelege, og delvis også avklara planmessig (regulerte)</li> <li>Sentral geografisk beliggenheit</li> <li>Gode kommunikasjonar, også med tanke på kollektivtrafikk</li> <li>Etablert HoppID-kontor</li> <li>Mange nyetableringar</li> <li>Oppdatert beredskapsorganisasjon og – planverk, heilheitleg ROS-analyse gjennomført</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Befolkningssamansetjing med relativt mange eldre innbyggjarar, mindre vekst i dei yngre gruppene</li> <li>Vekst i dei eldste aldersgruppene gir utfordringar i forhold til planlegging av tenester</li> <li>Små og sårbare fagmiljø</li> <li>Lite rom for spisskompetanse i fagmiljøa</li> <li>Bukommune, lite arbeidsplassar/mykje utpendling – sårbar for det som skjer i næringslivet i regionen</li> <li>E39 gjennom Sjøholt sentrum – sterk trafikkauke og behov for tiltak som lettar trafikkflyten og sikrar mjuke trafikantar</li> <li>Lite fokus på stadsutvikling</li> <li>Ikkje fungerande næringsforum</li> <li>Ikkje tilsett næringskonsulent</li> </ul>
	<b>Muligheit</b>	<b>Trussel</b>
<b>Landkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gode regionale planprosessar kan gi samordna og heilskapleg samfunnsutvikling</li> <li>Større engasjement i forhold til oppgåver/funksjonar/spørsmål som er relevante i eit samfunnsperspektiv, men</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fokus på utvikling i ein liten del av ein stor kommune kan forsvinne</li> <li>Kulturforskjellar mellom dagens kommunar</li> <li>Ikkje definert sentrum for den nye kommunen</li> <li>Store avstandar</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>· mindre interessante for ein liten kommune isolert sett</li> <li>· Ein større kommune vil ha større påverknadskraft samla sett enn mange små kommunar kvar for seg</li> <li>· Betre arealutnytting</li> <li>· Store økonomiske fordelar dei første 15-20 åra</li> <li>· Langsiktig leigekontrakt for moderne administrasjonslokale</li> </ul>	
--	---	--

**Kva styrkar mulighetene:**

Gode planprosessar med brei involvering slik at alle opplever å få bidra

Gode informasjonskanalar til innbyggerane

Tilrettelegging for ein desentralisert organisasjon der ein tek i bruk eksisterande administrasjonsbygg, og der ein har med seg i vidare planlegging kva styrkar den enkelte kommune har pr. i dag.

**Kva demmer opp for truslane:**

Prinsipp for samarbeid kring td planprosessar, der ein sikrar brei og reell involvering

Større lokalt engasjement

Forsterka identitet til Ørskog kan vere ein konsekvens av at ein vert ein del av ein større kommune

**Samfunnsutvikling i regionkommunen**

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Liten kommune – kort avstand mellom innbyggerar og sakshandsamar skaper forståing og fleksibilitet</li> <li>· Folketalsauke</li> <li>· Gode areal til bustadformål og næringsformål er tilgjengelege, og delvis også avklara planmessig (regulerte)</li> <li>· Sentral geografisk beliggenheit</li> <li>· Gode kommunikasjonar, også med tanke på kollektivtrafikk</li> <li>· Etablert HoppID-kontor</li> <li>· Mange nyetableringar</li> <li>· Oppdatert beredskapsorganisasjon og – planverk, heilheitleg ROS-analyse gjennomført</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Befolkningsamansetjing med relativt mange eldre innbyggerar</li> <li>· Små og sårbare fagmiljø</li> <li>· Lite rom for spisskompetanse i fagmiljøa</li> <li>· Bukommune, lite arbeidsplassar/mykje utpendling – sårbar for det som skjer i næringslivet i regionen</li> <li>· E39 gjennom Sjøholt sentrum – sterk trafikkauke og behov for tiltak som lettar trafikkflyten og sikrar mjuke trafikantar</li> <li>· Lite fokus på stadsutvikling</li> <li>· Ikkje fungerande næringsforum</li> <li>· Ikkje tilsett næringskonsulent</li> </ul>
	Mulighet	Trussel
<b>Regionkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Gode regionale planprosessar kan gi samordna og heilskapleg samfunnsutvikling</li> <li>· Større engasjement i forhold til oppgåver/funksjonar/spørsmål som er relevante i eit samfunnsperspektiv, men mindre interessante for ein liten kommune isolert sett</li> <li>· Ein større kommune vil ha større påverknadskraft samla sett enn mange små kommunar kvar for seg</li> <li>· Byen Ålesund som regional motor</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Fokus på utvikling i ein liten del av ein stor kommune kan forsvinne. Dette forsterkar seg dess større kommunen vert.</li> <li>· Den store kommunen (Ålesund) vert for dominerande</li> <li>· Store avstandar i ein regionkommune</li> <li>· Stor kulturforskjellar mellom dagens kommunar</li> <li>· Kommunikasjonsutfordringar innad i den nye kommunen (lange avstandar, ferjer, fjellovergangar etc.)</li> </ul>

**Kva styrkar mulighetene:**

Gode planprosessar med brei involvering slik at alle opplever å få bidra

Gode informasjonskanalar til innbyggerane

Tilrettelegging for ein desentralisert organisasjon der ein tek i bruk eksisterande administrasjonsbygg,

og der ein har med seg i vidare planlegging kva styrkar den enkelte kommune har pr. i dag.

#### **Kva demmer opp for truslane:**

Prinsipp for samarbeid kring td planprosessar, der ein sikrar brei og reell involvering

Større lokalt engasjement

Forsterka identitet til Ørskog kan vere ein konsekvens av at ein vert ein del av ein større kommune

#### *Vurdering av kommunen som demokratisk arena:*

Kommunane i Norge er sterkt knytt til demokratiske verdiar og ein demokratisk tradisjon. I over 170 år har innbyggerane lokalt hatt høve til å velje sine folkevalde organ.

Kommunane si demokratiske rolle har blitt viktigare ettersom velferdssystemet i stadig større grad har blitt bygd opp rundt kommunen som ansvarleg for viktige delar av offentlege fellesytingar.

Kommunane sikrar innbyggerane betre innverknad over eigen kvardag. At innbyggerane har høve til å sjølv velje sine lokale politiske leiarar og å stille dei til ansvar for deira innsats er ein del av kjernen i heile vårt demokratiske system.

Kommunen si leing må ta omsyn til kva innbyggerane meiner om kommunen som demokratisk organ, om dei tenestane kommunen tilbyr og korleis pengane vert prioritert nytta. Dette kan vere ein spore til effektivitet i den enkelte kommune.

Det klassiske verdigrunnlaget for eit lokalt sjølvstyre er demokrati, fridom og effektivitet. Dette er verdiar som heng saman. Den kommunale fridomen til lokal politikktutforming opnar for lokal tilpassing, effektiv utnytting av ressursane og gjer det meningsfullt å ta del i lokalpolitiske prosessar. Demokrati handlar og om å skape arenaer for deltaking og meningsytring mellom val. I tillegg til det representative demokratiet vil derfor tilrettelegging av former for deltaking som omfattar politisk diskusjon inngå i kommunen si rolle som demokratisk arena. Dette føreset eit aktivt organisasjonsliv, så vel som ei oppegående lokal presse.

Nyare former for deltakardemokrati er kommunal tilrettelegging for brukarmedverknad og brukarstyring, samt tilrettelegging for betre å fange opp innbyggjarinitiativ. I tillegg til dette utgjør dei meir spontane formene for deltaking, som underskriftsaksjonar, direkte aksjonar, digitale sosiale nettverk, partnerskap, ulik grad av profesjonell kontakt og henvendelsar til politikarane, også ein viktig del av den lokale politiske arenaen.

Regjeringa meiner at større og meir robuste kommunar bør få fleire oppgåver. Dette vil gi auka makt og mynde til kommunane, og dermed auka lokalt sjølvstyre. Større kommunar vil også redusere behovet for interkommunale løysningar. Færre og større kommunar som gjennomfører ein velferdspolitik i samsvar med nasjonale mål, vil redusere behovet for statleg detaljstyring. Kommunane vil slik få større fridom til å prioritere og tilpasse velferdstilbodet til innbyggerane sine behov.

Indikatorar som seier noko om soliditeten til lokaldemokratiet kan vere deltaking ved val, storleik på kommunestyret, politisk representasjon, korleis innbyggerane medverkar mellom val, kompetanse, kapasitet og politisk handlingsrom, behovet for interkommunalt samarbeid og lokal identitet.

Ein ser at det ikkje lenger er samsvar mellom dei oppgåvene Ørskog kommune skal løyse, og evna vår til å løyse dei innafor eigne kommunegrenser. Stadig fleire oppgåver vert løyst gjennom interkommunale samarbeid. Felles for desse samarbeida er at oppgåvene og ansvaret blir flytta ut av kommunen og kommunen mister den direkte styringa. Skal noko bli endra i kvantitet og kvalitet på tenestene, kan den enkelte kommune ikkje endre på dette utan at avtalen blir endra og alle partar er samde om endringa. Ørskog kommune deltek i dag i knapt 40 slike interkommunale samarbeid. Eit for omfattande interkommunalt samarbeid gir idag eit demokratisk underskot, og er ressurskrevjande å følgje opp.

I tabellen under fins ei oversikt over dei viktigaste lovpålagde oppgåver som Ørskog kommune skal yte til innbyggerane. Oversikta er ikkje uttømmende, men gir eit bilde på at store delar av drifta vår, også innafor det som kan definerast som kvardagstenester, i dag vert løyst i samarbeid med andre kommunar.

Teneste	Åleine eller saman med andre kommunar
Grunnskule og SFO	Ørskog
Barnehage	Ørskog
Kulturskule	Ørskog
Legeteneste	Ørskog
Helsesøsterteneste	Ørskog
Psykiatrisk sjukepleie	Ørskog
Fysioterapi	Ørskog
Tekniske tenester (byggesak, eigedomsforvaltning, kommunale vegar, kommunalteknisk drift etc.)	Ørskog
Jordmorteneste	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Institusjonsplass	Ørskog (Kjøp av arbeidskraft frå byrå har vore nytta)
Heimebasert omsorg og heimetenester	Ørskog (Kjøp av arbeidskraft frå byrå har vore nytta)
Bu – og dagtilbod til menneske med utvida omsorgsbehov	Ørskog (dagtilbod vert kjøpt frå verna bedrift – Vekst Ørskog)
Pedagogisk Psykologisk Tenester ( PPT)	Skodje, Ørskog, Stordal, Nordal
Barnevernstenester	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Sosialhjelpstenester NAV	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Busetjing av flyktningar	Skodje og Ørskog
Landbruksforvaltning	Skodje, Ørskog, Stordal, Sula og Ålesund
Brannvern	Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal
Legevaktsamarbeid	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Ålesund, Haram, Sykkylven, Giske ( <i>nattlegevakt</i> ) Vestnes, Stordal, Norddal og Ørskog ( <i>legevakt kveld og helg</i> )
IKT- Infrastruktur og drift av informasjon og kommunikasjonsteknologi (e-Kommune)	Skodje, Ørskog, Norddal, Haram, Giske, Sula, Sandøy, Ålesund
Skatteinnkreving	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Ørskog og Ålesund
Innkjøpssamarbeid i felles innkjøpskontor	Ålesund, Sandøy, Haram, Vestnes, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Skodje, Sula og Giske.
Krisesenter for Sunnmøre	Ålesund, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal, Norddal, Vanylven, Sandøy, Stranda og Sykkylven.
Overgrepsmottak	Ålesund, Ulstein, Giske, Sula, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Volda, Herøy og Sande.
Advokatenester innen barnevern	Ålesund og omlandskommunar
Kjøp av juridiske tenester generelt	Kjøp frå private
Renovasjonstenester gjennom ÅRIM	Vestnes , Giske , Haram ,Norddal ,Sandøy ,Skodje, Stordal, Stranda , Sula ,Sykkylven , Ørskog , Ålesund
Sunnmøre regionråd ( IKS) med ei rekke samarbeidsprosjekt innan: Helse, Barnevern, Forvaltning, Oppveks, Samfunnsutvikling (LUK), ENØK, Studietilbod-desentraliserte	Skodje, Ålesund, Ørskog, Haram, Stordal, Nordal, Stranda, Sykkylven, Sandøy, Giske, Sula, Vanylven, Ulstein, Herøy, Sande, Vestnes, Hareid, Ørsta, Volda

Ekspertutvalet set opp følgjande kvalitetskriterier til den demokratiske arenaen:

- høg politisk deltaking
- lokal politisk styring
- lokal identitet
- brei oppgåveportefølgje og statleg rammestyring

Spørsmålet er korleis vi skal klare å ivareta dette om vi skal vere ein del av ei større kommune? Kva kommunestruktur/styringsstruktur vil kunne oppretthalde/styrke lokaldemokratiet? Kan vi tenke oss at vi vidarefører dagens politiske ordning eller må vi tenke nytt?

Kommunestørrelse i seg sjølv gir ikkje betre eller dårlegere lokaldemokrati. Dette følgjer av rapporten «[Kommunestørrelse og lokaldemokrati](http://www.ks.no/globalassets/kommunestørrelse-og-lokaldemokrati-ny.pdf)» som KS kom med i mai 2014. For å lese heile rapporten, sjå her: <http://www.ks.no/globalassets/kommunestørrelse-og-lokaldemokrati-ny.pdf> . Deltakinga ved val har synkande tendens, også i Ørskog. Deltakinga ved siste kommuneval (2015) var 62 %, mot om lag 68 % ved valet i 2011. Samstundes viser ei undersøking gjennomført av Difi i 2011 at det er større politisk deltaking mellom val i mindre kommunar, då slik at innbyggjarar i mindre kommunar i større grad tek kontakt med lokalpolitikarar.

Lokal identitet vert ofte trekt fram i kommunestrukturdebatten. I spørsmålet om folk engasjerer seg lokalt, vert det ofte lagt vekt på den enkelte sin lokale tilknytning og lokale identifikasjon. Innbyggerundersøkinga frå Difi 2013 viser at tilhørsløse til eiga kommune er noko sterkere i små kommunar, men at det er små forskjellar. Samtidig viser innbyggerundersøkinga at innbyggjarane i små kommunar i noko svakere grad vil anbefale eller fråråde venner og kjende å flytte til si kommune, men også her er det små forskjellar.

KS sin rapport "Kommunestørrelse og lokaldemokrati" viser til at det er mulig å oppnå gode resultat både i små og store kommunar, men små og store kommuner har ulike demokratiske kvalitetar. Same rapport syner at eit ekstra nivå i form av en nærdemokratiordning kan gjere det enklare for innbyggjarane å få dialog med politikarane. Samtidig bidreg ei slik ordning til at politikarane får innspel frå ulike delar av kommunen og dermed auka legitimitet for vedtak som vert fatta.

Mengda av interkommunale samarbeid gir i dag eit demokratisk underskot. Ein stor del av inntektene til Ørskog kommune vert med dette tildelt tenester og samarbeid vi ikkje har same styring med som dei vi driv i eigen organisasjon. Dette avgrensar det lokalpolitiske handlingsrommet. Det vil likevel vere ei rekke oppgåver dette alternativet ikkje driv tenester innafor i dag. Ein vil då vere avhengig av at det er vilje frå andre kommunar om å vidareføre interkommunale samarbeid. Det er knytt usikkerhet til kva for vilkår som vil ligge til grunn for eventuelle reforhandla avtalar om dette i framtida.

#### Lokaldemokratiet i dag, organisering og deltakingsformer:

Ørskog kommune har kommunestyre med 17 representantar. Utfrå folketal skal ein ha minst 11 representantar i kommunestyret, jfr. kommunelova § 7. Ein har vidare desse folkevalde organa:

- Formannskapet 7 medlemmer
- Kommuneplanutvalet 7 medlemmer
- Tenesteutvalet 7 medlemmer
- Administrasjonsutval
- Arbeidsmiljøutval
- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdommens kommunestyre
- Lønnsforhandlingsutvalet
- Ei rekke ad hoc-utval knytt til enkelte saksområde og prosjekt
- Samarbeidsutval ved kvar skule og barnehage

I tillegg er det etablert eit brukarutval (pårørandeforening) ved Ørskog sjukeheim.

I tillegg til dei formelle politiske møta, har det dei seinare år vore gjennomført fleire dialogmøte mellom kommuneadministrasjonen og dei folkevalde, samt tillitsvalde. Tema i desse møta har mellom anna vore kommuneøkonomi, tenestekvalitet og kommunereform.

Brukarundersøkingar og innbyggjarundersøkingar er også kanalar innbyggjarane kan nytte for å gi tilbakemelding til kommunal leiging, herunder politisk leiging. Brukarundersøkingar vart gjennomførte på ei rekkje tenesteområde våren 2014 og våren 2016. Målsetjinga er at dette skal gjennomførast rutinemessig og systematisk, og såleis vere eit korrektiv til tenesteproduksjonen.

#### Rekruttering til politisk arbeid:

Mange av politikarane har vore med i fleire periodar, nokre heilt attende til seint på 70-tallet. Dette vitnar om stor slitestyrke og langvarig engasjement. Men vi ser også at nokre kjem inn med stort pågangsmot, men forsvinn fort etter ein periode. Utskifting treng ikkje å sjåast på som noko problem

og det er bra med ein kombinasjon av erfarne og nyrekrutterte i kommunestyret. Det kan og sjåast på som ein fordel at mange av kommunen sine innbyggjarar får prøvd seg som kommunestyrerepresentantar og med det få innsikt i og forståing for utfordringane i lokalpolitikken. Ved valet i 2011 kom det i Ørskog kommunestyre inn 8 nye faste medlemmer. Ved valet i 2015 kom det inn 10 nye, men der ein stor del av desse hadde vore faste medlemmer av kommunestyret tidlegare periodar. Sett i høve til landsgjennomsnittet har det vore mindre utskifting i Ørskog enn i resten av landet. Utskiftinga i norske kommunestyre er nokså stor – nesten to tredjedelar av dei folkevalde vert bytta ut ved kvart val.

#### Partirepresentasjon:

Ørskog har ikkje hatt krinslister/bygdelister.

Representasjon i kommunestyret etter siste val (2015) vart slik:

- Frp 4
- Høgre 3
- Senterpartiet 2
- Arbeiderpartiet 4
- Felleliste Venstre/Krf 4

Valdeltaking og lokalpolitisk engasjement:

Ved siste kommuneval var valdeltakinga i Ørskog 62 %. Snittet for Møre og Romsdal var 58,1 %.

Gjennomsnittleg valdeltaking ved valet i 2011 var i Ørskog 68 %, medan snittet for vår region var 64 %.

#### Lokalpolitisk styring - overordna styring eller detaljstyring?

Den politiske styringa av Ørskog er ei overordna styring. Det er med heimel i kommunelova utarbeidd eit detaljert delegeringsreglement som gir rådmannen fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker og saker av ikkje-prinsipiell betydning. Dette gjeld personalsaker, der rådmannen kan opprette, legge ned og tilsetje i alle stillingar, så lenge endringane ikkje er i konflikt med mål og prioriteringar i kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett eller andre politiske vedtak eller endringane ikkje er av prinsipiell betydning.

I budsjettarbeidet har rådmannen td fullmakt til å disponere beløp innan vedteken ramme for kvart ansvarsområde, ta opp lån og godkjenne lånevilkår på lån som kommunestyret har vedteke etter kommunelova § 50, justere opp ein utgiftspost innan drifts- eller investeringsbudsjettet, dersom det skjer ved bruk av midlar som tidlegare har vore avsett til formålet. I tillegg har rådmannen delegert mynde etter ei rekkje særlover.

Stortinget peikar på at større kommunar kan få tildelt større oppgåver. Dersom kommunane si rolle som samfunnsutviklar vert meir reell, vil dette kunne styrke lokaldemokratiet i den forstand at innbyggjarane får større høve til å påverke i viktige saker.

Større kommunar kan på den andre sida medføre redusert identitet til kommunen, og mindre motivasjon til å delta i lokalpolitikken. Dei demokratiske styringsstrukturane ein legg opp til kan vere med på å forsterke eller forhindre dette.

#### Tilhøvet mellom tilfang på saker og høve til å drive lokalpolitikk i Ørskog kommune:

Demokratisk styre har fleire sider, og vi kan for innbyggjarane definere fire dimensjonar som god demokratisk styring skal ivareta:

*Pålitelegheit* – som seier noko om tillit til at folkevalde er redelege og til korleis styringsorgana fungerer

*Ansvarleggjering* – som seier noko om innbyggjarane sitt høve til å følgje med i politikken og stille dei styrande til ansvar

*Borgarnærleik* – som seier noko om innbyggjarane sitt høve til å delta i og påverke politikken

*Effektivitet* - som seier noko om kommunen si evne til å levere tenester i samsvar med innbyggjarane sine behov, samt dei folkevalde si evne til å styre kommunen

For dei folkevalde sin del er det ein femte dimensjon:

*Rolletrivsel* – som seier noko om i kva grad dei folkevalde opplever at dei har gode høve til å utøve rolla som folkevalde.

Delegering er ein måte å lette arbeidsbelastinga til politikarane på, og kan difor grunnjevast med ønskje om effektivisering. Delegering av mynde er imidlertid ikkje uproblematisk. Retten til å ta avgjerder på vegne av fellesskapet er gitt av veljarane ved val, og det er viktig at dei folkevalde har

kontroll med dei avgjerdene dei har delegert bort.

Målstyring er sett på som viktig i forhold til korleis innbyggjarane kan ansvarleggjere politikarane (og administrativ leiing). For dei fleste vil målstyring først og fremst føre til effektivitet, i tydinga styringseffektivitet. Det vert opplevd som effektivt og hensiktsmessig at politikarane fattar overordna avgjerder om mål, rammer og overlet enkeltvedtak til rådmann/fagtilsette i kommuneadministrasjonen.

Men både delegering og målstyring er ei utfordring i forhold til den femte dimensjonen, rolletrivsel. Det er vanskelegare å utøve ombodsrolla når ein berre skal fatte overordna og strategiske avgjerder.

Saksflyten i Ørskog vert styrt av årshjul der ein har tidsplan for dei store sakene gjennom året: handlingsplanar, årsmelding og rekneskap, rapportering i forhold til perioderekneskap samt vedtaksrekneskap, økonomi- og budsjettarbeidet. I tillegg er vedteken planstrategi med på å synleggjere kva planar kommunen til eikvar tid har, og kva planar som skal rullerast i perioden.

Det vert kontinuerleg arbeid for å gjere saksdokumenta betre. Det kan vere å finne gode strukturar for kva som skal vere med av faste vurderingskriterier i sakene, samt kva og kor mykje informasjon som heller kan vere knytta til saka som vedlegg, framfor å vere ein del av saksframlegget. Det er med på å gjere kvardagen for lokalpolitikarane lettare, noko som er naudsynt sidan det kun er ordføraren som er heiltidspolitkar i Ørskog.

#### Kommunen som demokratisk arena, vurdert i forhold til landkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Liten kommune – kort avstand mellom innbyggjar og lokalpolitikar gir påverknadskraft</li><li>· God representasjon, mange politikarar i forhold til folketal</li><li>· Opne møte i alle organ</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Ikkje tilstrekkeleg distanse mellom innbyggjar og politikarar</li><li>· Vanskeleg å rekruttere til politisk arbeid</li><li>· Utstrakt interkommunalt samarbeid gir demokratiunderskot</li><li>· Fag-/saksfokus kan hindre overordna tenking</li></ul>
	Muligheit	Trussel
<b>Landkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Større organisasjonar kan vere inkluderande for fleire</li><li>· Lettare å unngå habilitetskonflikter</li><li>· Mulig å sjå eit større område i samanheng</li><li>· Landkommunen som eit godt alternativ sett i forhold til demokratisk utvikling og folkestyre.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Auka avstand mellom innbyggjarane og politiske organ kan vere ein trussel</li><li>· Færre politikarar med hjerte for lokalsamfunnet i Ørskog</li></ul>

#### Kva styrkar muligheitene:

Nærdemokratiske ordningar med reell innflytelse

#### Kva demmer opp for truslane:

Ulike ordningar som tek i vare nærdemokratiet

Ordnningar som sikrar ei viss grad av representasjon

Større engasjement i lokalbefolkninga for det som skjer i Ørskog

#### Kommunen som demokratisk arena, vurdert i forhold til regionkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Liten kommune – kort avstand mellom innbyggjar og lokalpolitikar gir påverknadskraft</li><li>· God representasjon, mange politikarar i forhold til folketal</li><li>· Opne møte i alle organ</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Ikkje tilstrekkeleg distanse mellom innbyggjar og politikarar</li><li>· Vanskeleg å rekruttere til politisk arbeid</li><li>· Utstrakt interkommunalt samarbeid gir demokratiunderskot</li><li>· Fag-/saksfokus kan hindre overordna tenking</li></ul>
	Muligheit	Trussel
<b>Regionkommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Større organisasjonar kan vere inkluderande for fleire</li><li>· Lettare å unngå habilitetskonflikter</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Stor avstand mellom innbyggjarane og politiske organ</li><li>· Færre politikarar med hjerte for</li></ul>



		lokalsamfunnet i Ørskog Større fare for demokratiunderskot dess større kommunen vert.
--	--	---

**Kva styrkar mulighetene:**

Nærdemokratiske ordningar med reell innflytelse

**Kva demmer opp for truslane:**

Ulike ordningar som tek i vare nærdemokratiet

Ordnningar som sikrar ei viss grad av representasjon

Større engasjement i lokalbefolkninga for det som skjer i Ørskog

*Vurdering av økonomisk status og utvikling:*

Ørskog kommune har dei siste to åra hatt eit rekneskapsmessig underskot. Årsaka ligg i at ein ikkje har greidd å tilpasse driftsutgiftene til dei økonomiske rammene ein har tilgjengelege gjennom rammetilskot, skatteinntekter og andre statlege tilskotsordningar. Fram til no har ein dekt inn meirforbruket med midlar frå driftsfond. Sannsynlegvis vil tilgjengelege midlar her vere oppbrukte i 2016.

KOSTRA 2015 syner at Ørskog kommune har eit høgt tenestenivå samanlikna med andre kommunar. Spesielt gjeld dette pleie- og omsorgssektoren og barnehagesektoren. Grunnskulesektoren har nærma seg landsgjennomsnittet når de gjeld ressursbruk pr. elev, og rådmannen trur ikkje her er mykje meir å hente no. Det er starta opp omstillingsarbeid for å effektivisere tenesteproduksjonen på dei fleste andre område, og ein ser at ein er på rett veg. Omstillingsarbeid tek imidlertid tid, og det er ikkje sikkert ein rekk å gjere naudsynte tiltak i tide. Rådmannen meiner difor det er sannsynleg at Ørskog kommune blir innmeld i ROBEK i 2017 evt. i 2018.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunane har vore ute til høyring. Med si geografiske plassering kjem rskg kommune svært dårleg ut i det nye inntektssystemet. Reduksjon av basistilskot og bortfall av småkommunetilskot gjer at Ørskog kommune må redusere drifta vesentleg om ein skal halde fram som eiga kommune. I tillegg kjem at vertskommunetilskotet (utgjer om lag 12 MNOK i 2016) vil falle bort når aktuelle brukarar ikkje lenger er her. Om ein vel å slå seg saman med andre vil ein vere garantert inndelingstilskot på 2016-nivå i 15 år framover, og deretter ei nedtrapping på 5 år.

Større kommunar vil ha større ressursgrunnlag, og kan også ha ei meir variert befolknings- og næringssamansetjing. Det gjer kommunane meir robuste i forhold til uforutsette hendingar og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar vil legge til rette for ein meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer.

Telemarksforskning har utarbeidd ein sårbarhetsindikator for kommunane. Denne kan leggjast til grunn for å vurdere kommunane si robustheit som lokalsamfunn knytt til uforutsette hendingar og utviklingstrekk. Tabellen nedanfor gir ei oversikt over korleis kommunane på Sunnmøre vert vurdert:

## SÅRBARHETSINDIKATOR

Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarkforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.



Målsetjinga om robustheit er og knytt til å kunne leggje til rette for effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer. Større kommunar har fleire muligheter for samordning og samlokalisering av tenestene. Effektiv ressursbruk krev sjølvstøtt at ein evner å utnytte desse mulighetene. I ein politisk styrt organisasjon omhandlar dette også godt og tillitsbasert samspel mellom politikk og administrasjon. Det er vanskeleg å gi ei kvalifisert vurdering av om store kommunar er betre på dette enn små.

Små kommunar er gjennom inntektssystemet kompensert for å vere små. Større kommunar har mindre ressursar bevilga pr. innbyggjar. Det er vanskeleg å samanlikne kommunane både når det gjeld økonomisk berekraft og tenesteyting. Dette mellom anna fordi kommunane tihører ulike KOSTRA-grupper, og elles har ulike utfordringar. Til dømes veit vi at kommunane det kan vere aktuelt å slå seg saman med av ulike årsaker har ulike pensjonsforpliktingar. Dette kan skuldast både demografiske utfordringar, og at nokre komunar har overteke fylkeskommunale institusjonar.

Det vi veit i dag er at Ørskog kommune har ei kostbar drift samanlikna med andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Dette framgår av KOSTRA, og er dokumentert mellom anna gjennom budsjettarbeidet for 2016. Det er ei årleg forventa effektivisering innarbeidd i statsbudsjettet frå år til år. Forslaget som ligg til høyring i ny inntektsmodell legg opp til at basistilskotet vert omfordelt. I praksis vil dette innebere ein vesentleg inntektsreduksjon for Ørskog kommune. Dette kjem i tillegg til at vertskommunetilskotet og småkommunetilskotet også vil falle bort. Dette vil ikkje vere berekraftig for vår kommune.

### Økonomi i den landkommunen

	Styrke	Svakheit
<b>Ørskog kommune</b>	· God økonomistyring · Høgare rammeoverføringar enn	· Tilpassing av drift i forhold til tilgjengelege rammer stadig meir

	<ul style="list-style-type: none"> <li>mange andre kommunar grunna småkommunetilskot og vertskommunetilskot gir muligheit for kvalitativt gode kommunale tenester</li> <li>Driftsfond</li> <li>Aksjar i Tafjord Kraft og Ørskog Energi gir avkastning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>utfordrande</li> <li>Store forventningar til tenestenivå og – omfang lokalt</li> <li>Å halde fram som eiga kommune vil kreve vesentleg meir effektiv drift enn vi har pr i dag</li> </ul>
<b>Landkommunen</b>	<b>Muligheit</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Større stordriftsfordelar</li> <li>Meir effektiv ressursutnytting</li> <li>Meir robust kommuneøkonomi samla sett</li> <li>Frigjer 10 % av dagens arbeidskraft</li> <li>Framleis ganske kort avstand til kommuneleiinga</li> </ul>	<b>Trussel</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Mindre ressursar til drift av tenester i Ørskog i og med utjamning av inntektsnivå</li> <li>Eigedomsskatt kan verte aktuelt også for innbyggjarar i Ørskog</li> <li>Investeringar kan verte prioritert berre i dei mest folkerike delane av ein ny kommune</li> <li>Nokre av kommunane det kan vere aktuelt å slå seg saman med har svakare økonomi enn Ørskog</li> <li>Stordriftsulemper</li> <li>Større gjeldsbelastning pr. innbyggjar</li> </ul>

#### Kva styrkar muligheitene:

God kartlegging av kva funksjonar som kan sentraliserast og effektiviserast, og kva funksjonar som bør vere desentralisert.

#### Kva demmer opp for truslane:

Prinsipp som sikrar desentraliserte nærtjenester

Balanse i den nye kommunen, dess større kommune, dess større utfordring knytt til likeverdet mellom partane

#### Økonomi i den regionkommunen

	<b>Styrke</b>	<b>Svakheit</b>
<b>Ørskog kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>God økonomistyring</li> <li>Høgare rammeoverføringar enn mange andre kommunar grunna småkommunetilskot og vertskommunetilskot gir muligheit for kvalitativt gode kommunale tenester</li> <li>Driftsfond</li> <li>Aksjar i Tafjord Kraft og Ørskog Energi gir avkastning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilpassing av drift i forhold til tilgjengelege rammer stadig meir utfordrande</li> <li>Store forventningar til tenestenivå og – omfang lokalt</li> <li>Å halde fram som eiga kommune vil kreve vesentleg meir effektiv drift enn vi har pr i dag</li> </ul>
<b>Regionkommunen</b>	<b>Muligheit</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Større stordriftsfordelar</li> <li>Meir effektiv ressursutnytting</li> <li>Meir robust kommuneøkonomi samla sett</li> <li>Frigjer 14 % av dagens arbeidskraft</li> <li>Mindre gjeldsbelastning pr. innbyggjar</li> </ul>	<b>Trussel</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Mindre ressursar til drift av tenester i Ørskog i og med utjamning av inntektsnivå</li> <li>Eigedomsskatt kan verte aktuelt også for innbyggjarar i Ørskog</li> <li>Investeringar kan verte prioritert berre i dei mest folkerike delane av ein ny kommune, spesielt byen Ålesund</li> <li>Nokre av kommunane det kan vere aktuelt å slå seg saman med har svakare økonomi enn Ørskog</li> <li>Fleire kommunar med akkumulert underskot</li> <li>Vesentlege stordriftsulemper</li> <li>Stor avstand til kommuneleiinga</li> <li>Kommunikasjonsutfordringar innad i den nye kommunen (lange avstandar, ferjer, fjellovergangar etc.)</li> </ul>

**Kva styrkar mulighetene:**

God kartlegging av kva funksjonar som kan sentraliserast og effektiviserast, og kva funksjonar som bør vere desentralisert

**Kva demmer opp for truslane:**

Prinsipp som sikrar desentraliserte nærtjenester

Balanse i den nye kommunen, dess større kommune, dess større utfordring knytt til likeverdet mellom partane

*Oppsummering:*

Ein ser at Ørskog kommune vil få utfordringar med å oppfylle måla i kommunereforma åleine. Å halde fram som eiga kommune har då heller ikkje vore drøfta som eit alternativ i Ørskog.

Etter den rådgjevande folkerøystinga er det rimeleg klart at ein majoritet i Ørskog kommune ønskjer å gå inn i ny kommune saman med andre landkommunar.

På same tid er mykje uklart gjeldande framtida til både dette alternativet og alternativet med stor regionkommune.

Eit vedtak er avhengig av både vedtak i nabokommunar og vidare saksgang, og er avhengig av at dei framforhandla alternativa blir noko av.

På same tid bør ein ny kommune bli stor nok til å i alle fall delvis oppfylle intensjonane i reforma.

**Rådmannen legg saka fram med slik****Innstilling:**

Ørskog kommunestyre vel å følgje resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga, og gjer følgjande vedtak:

1. Ørskog kommune vel å bli ein del av ny, større kommune etter intensjonane med «Ny landkommune/ Storfjord kommune», eller anna landkommunestruktur mellom byane Ålesund og Molde.
2. Dette føreset at den nye kommunen blir danna med eit folketal som kan gi ein robust kommune, med tilstrekkeleg eigen tenesteyting.
3. Dersom dette alternativet smuldrar bort, blir for lite, eller blir lagt bort etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, blir noverande Ørskog kommune ein del av anna ny kommune som overordna mynde bestemmer.

**09.06.2016 Formannskapet**

Forslag frå Knut Harstad:

*Formannskapet stiller seg til disposisjon for nyvalt forhandlingsutval for konsultasjonar fram til kommunestyremøtet.*

*Saka går rett til kommunestyre til avgjerd.*

Arne Abelseth ba om punktvis røysting.

Det vart røysta over forslag frå Knut Harstad.

Forslaget vart vedteke med 5 røyster, 2 røysta i mot.

**FS-59/16 Vedtak:**

Formannskapet stiller seg til disposisjon for nyvalt forhandlingsutval for konsultasjonar fram til kommunestyremøtet.

Saka går rett til kommunestyre til avgjerd.

### **16.06.2016 Kommunestyret**

*Ørskog kommunestyre vedtek å etablere ei ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet om nye Ålesund kommune.*

Frode Andresen sette fram tilleggspunkt til forslaget frå Thorbjørn Fylling.  
*Forhandlingsutvalget skal også forhandle med Ålesund Kommune med flere med formål å forhandle fram en intensjonsavtale som kommunestyret også kan ta stilling til.*

Arne Abelseth ba om punktvis røysting.

Ørskog kommunestyre vedtek å utsette avgjer i sak om kommunesamanslåing for Ørskog kommune.

Ørskog kommunestyre ber forhandlingsutvalet gjennomføre reforhandlinger av intensjonsavtalen om prosjekt "Storfjord kommune" mandag 20. Juni.

Ørskog kommunestyre ber med henvisning til Vestnes formannskap sin sak 74/16 at det vert umiddelbart teke kontakt med Vestnes kommune for å forhandle fram intensjonsavtale med sikte på å etablere felles kommune.

Ø.K. Ber om at forhandlingar vert gjennomført snarast råd og at framforhandla intensjonsavtaler vert lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjer snarast råd.

Det vart røysta punktvis over forslaget frå Thorbjørn Fylling.

Punkt 1 vart vedteke med 13 røyster, 4 røysta imot.

Punkt 2 vart vedteke med 14 røyster, 3 røysta imot.

Punkt 3 vart vedteke med 14 røyster, 3 røysta imot.

Punkt 4 vart vedteke med 15 røyster, 2 røysta imot.

Det vart røysta over tilleggspunkt frå Frode Andresen.

Forslaget falt med 7 røyster, 10 røysta imot.

#### **KS-64/16 Vedtak:**

1. Ørskog kommunestyre vedtek å utsette avgjer i sak om kommunesamanslåing for Ørskog kommune.

2. Ørskog kommunestyre ber forhandlingsutvalet gjennomføre reforhandlinger av intensjonsavtalen om prosjekt "Storfjord kommune" mandag 20. Juni.

3. Ørskog kommunestyre ber med henvisning til Vestnes formannskap sin sak 74/16 at det vert umiddelbart teke kontakt med Vestnes kommune for å forhandle fram intensjonsavtale med sikte på å etablere felles kommune.

4. Ørskog kommunestyre ber om at forhandlingar vert gjennomført snarast råd og at framforhandla intensjonsavtaler vert lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjer snarast råd.

Rådmannen i Ørskog  
Synnøve Vasstrand Synnes

Rådmann  
Synnøve Vasstrand Synnes